




*Vinje kommune*

# Årsmelding 2017



## Innhald

RÅDMANNENS INNLEIING.....	3
ORDFØRAREN .....	4
HOVUDTREKK MED VEKT PÅ UTFORDRINGANE FOR KOMMUNEN .....	6
ØKONOMI.....	7
VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE .....	8
SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL .....	21
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJON .....	21
PLAN OG UTVIKLING.....	29
SKULE.....	41
BARNEHAGE .....	46
HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER .....	51
VINJE KJØKENDRIFT.....	68
VINJE REINHOLD OG TEKSTIL.....	69
INTERKOMMUNALT SAMARBEID – BARNEVERN .....	71
SAMHANDLING I VEST-TELEMARK .....	74
TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD .....	77
KULTUR .....	81
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD .....	84
REGIONALT SAMARBEID .....	86

## RÅDMANNENS INNLEIING

**Kommunen jobbar heile tida med å vidareutvikle dei allereie gode tenestene til innbyggjarane. Vi har framleis relativt god økonomi samanlikna med mange andre, og eit driftsresultat på snaue 11,8 millioner kroner i 2017. Solid innsats frå medarbeidarane gjer dette mogleg.**

Årsmeldinga gjev deg innblikk i kva kommunen har jobba med og fått til i 2017.

Kommunens økonomisituasjon kviler framleis tungt på kraftinntektene, som i sin tur er på veg ned. Det er i årsbudsjett og handlingsprogram 2017 – 2020 vedtatt måleindikatorar for økonomi og tenesteyting. Med mange innfridde målsetjingar, og eit netto driftsresultat på 3,7%, har ein samla sett nådd eit akseptabelt resultat.

Vinje kommune satsar aktivt på å vidareutvikle tenestene. Rådmannen ønskjer å løfte fram tre prosjekt med oppstart i 2017 som er støtta av m.a. Forskningsrådet og Innovasjon Noreg, og som skal bidra til innovasjon ved å utvikle ny kunnskap som er relevant for kommunesektoren. Vinje er sjølv søknadsansvarleg for prosjektet *Helsefremmande samarbeid for å styrke arbeidsdeltaking*. Den overordna målsetjinga er å utvikle ny modell for tverrfagleg og koordinert innsats for personar som står i fare for langt sjukefråver. Her er Høgskulen Sør-Øst, AIR, Sjukehuset Telemark og NAV partnerar i prosjektet.

Øvre Eiker har, saman med Larvik og Vinje, starta forskingsprosjektet *VIS – Veiledning, Integrering og Samskaping*. Her deltek også lokalforeiningar i Norske Kvinners Sanitetsforeining, sosialentreprenørane Amer Walayet og Terje Vangås og forskarmiljø frå Fafo, NTNU, Telemarksforskning og Høgskolen Sørøst. Hovudmålet er å utvikle nytt undervisningsdesign til bruk i Introduksjonsprogrammets samfunnskunnskapsdel.

Det tredje prosjektet er eit nyskapande utviklingsprosjekt kalla *Munikum™* der Sødermann AS står bak som leverandør, i samarbeid med fleire norske kommunar. Prosjektet er støtta av Innovasjon Norge gjennom OFU-midlar, SIVA og Forskningsrådet gjennom SkatteFUNN. I sin presentasjon av målsetjinga skriv Sødermann at «Munikum™ «skal være et annerledes digitalt system og analyseverktøy som hjelper kommuner med å øke sitt handlingsrom. Vi sier at Munikum skal hjelpe med å finne og gjennomføre verdiltak - det vil si å øke inntekter, redusere kostnader, fremme kvalitet og styrke organisasjon».

Når dette blir skrive er me allereie langt inne i 2018 og skal vidareføre det gode arbeidet frå 2017. Alt det me får til saman gjer seg ikkje sjølv. Difor vil rådmannen rose driftseiningane og medarbeidarane for den innsatsen som blir lagt ned i Vinje kommune kvar einaste dag, og som bidreg til at utfordringar blir omdanna til gode tenester, nye og nyttige løysingar og tilfredse brukarar.

Jan Myrekrok  
Rådmann

## ORDFØRAREN

Vinje kommune er ein kraftkommune. 26 vasskraftverk skapar energi med vatn frå Vinje. 2017 var eit år med store kraftsaker.

Særavtala mellom Statkraft og Vinje/Tokke gjekk ut 31.12.2016. Det var tingingar for å lenge avtala, og partane blei samde om å lenge gjeldande avtale til sumaren 2017 for å kome i mål med ei ny avtale. Retten til særavtalekraft har opphav i vedtak frå Stortinget på den tida konsesjon til utbygging av Vinje/Tokke-vassdraget blei gjeve. Kommunane får kjøpe ei mengde kraft til sjølvkost utan påslag, og det gjer at kommunane får rimeleg kraft. Noko av grunngjevinga var at kommunane ikkje fekk vere med på eigarsida under utbygginga av vassdraget grunna vilkår sett av Verdensbanken, trass i stort arbeid som kommunane hadde gjort for å leggje til rette for utbygginga. Særavtala som gjekk ut fylgde konsesjonen i tid, konsesjonen blei gjort evigvarande utan at særavtala blei endra samstundes. Statkraft og kommunane blei i 2017 samde om ei ny særavtale med bakgrunn i den gamle, men no gjeld avtala utan tidsavgrensing. Desse kraftinntektene er då trygga for Vinje kommune.

Ei anna stor og omfattande kraftsak i 2017 var vilkårsrevisjonen av Vinje/Tokke-vassdraget. Etter 50 år er det opna for vilkårsrevisjon, for å sjå spesielt på miljøkonsekvensane av utbygginga. Det blei teke få eller ingen omsyn til miljø under anlegget den gongen, og føremålet med vilkårsrevisjonen er å justere på vilkåra for drift av vassdraget slik at miljøomsyn kjem inn. To døme på justeringar som kommunane har kravd er minstevassføring i elver og fyllingskrav i magasin. I juni var det ei synfaring med NVE, kommunane, Statkraft, Fylkesmann, Riksantikvar, m.fl. for å sjå på trongen for endra vilkår. Etter framdriftsplanen skal NVE oversende sin tilråing til departementet i 2018 for endeleg avgjerd av kommunane sine krav.



Underteikna saman med Per Are Hellebust og ordførar Jarand Felland i Tokke etter at avtala var underteikna.

Elles var 2017 prega reduksjon av kraftinntekter til kommunen. Reduksjonen heng saman med lågare kraftprisar, ei uendra kapitaliseringsrente til bruk ved verdsetting av kraftanlegg i samband med eigedomsskatt og staten sin auke av grunnrenteskattesatsen. Dette førte til at kommunen måtte starte eit arbeid med kutt i drifta. Dette arbeidet held fram inn i 2018, og kjem til å få konsekvensar for tenestenivået i kommunen. Våre velferdstenester er mykje bygd opp rundt kraftinntekter, og når dei sviktar må vi sjå på reduksjonar.

Jon Rikard Kleven  
Ordførar



Kommunestyret 2015 - 2019

## HOVUDTREKK MED VEKT PÅ UTFORDRINGANE FOR KOMMUNEN

### Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei samanlikning av landets kommunar, basert på til saman 123 nøkkeltall innan 12 ulike sektorer. Formålet er å gje dei som skal fatte vedtak – særleg lokalpolitikarar – ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen vert driven.

Tala er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrås Kostra-database, førebelse tal for 2017. I tillegg har me henta offentleg statistikk frå ein del andre kjelder, både andre tal frå SSB, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

Det er naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege resultat. Ein kommune med lågt inntektsnivå vil også generelt ha dårlegare plasseringar enn ein kommune med høge inntekter. Derfor er det viktig å sjå samanhengar, og ikkje sjå seg blind på tabellplasseringa. Likevel ser ein at ein del kommunar klart skil seg ut, og det er til dels store forskjellar mellom dei beste og svakaste kommunane innan kvar sektor. Ein ser også at fleire klarar å kombinere stram pengebruk med omfattande tilbod til brukarane.

I små kommunar kan sjølvsagt spesielle tilhøve gje kraftige utslag. Det er viktig å sjå etter årsak til at kommunen kjem godt eller dårleg ut. Ein dårleg karakter kan også ha ei god forklaring. Plasseringa på Kommunebarometeret er ikkje alltid fasiten.

Tekst i *ramme* og *kursiv* er henta frå Kommunebarometeret, dette er mellombelse tal, dei endelege tabellane blir publisert i juni.

### Førebels analyse, endelege tal kjem 21.juni 2018

37 % av nøkkeltala er forbetra seiste år. Det er ein overvekt av nøkkeltal som visar positiv utvikling det seiste året, når ein tek omsyn til kor tungt vekta kvart nøkkeltal er i barometeret. Likevel er dette ørlite under etter normalen for Kommune-Noreg. Dersom vi ser burt frå kommunanes ulike økonomiske utgangspunkt kjem Vinje på ein 113. plass. Nøkkeltala er klårt svakare enn økonomiske føresetnader skulle tilsei.

Vinje er heilt i toppsjiktet innan helse og sosialtenester. Kommunen er og inne på Topp 100-lista når det gjeld pleie og omsorg, vatn, avløp, renovasjon og sakshandsaming.

Kommunen har sine svakaste plasseringar innan enhetskostnader (414. plass).

Kommunal Rapport gjer nokre endringar i metoden kvart år. Nye og betre nøkkeltall kjem til, medan andre blir fjerna. Dette påverkar kommunen. Det er i tillegg viktig å hugse at mange ting ikkje blir målt. Ei god plassering eit år kan skyldast tilfelle - på same måte som ei

dårleg plassering. Likevel: I hovudsak vil kommunar som ligg langt nede på ein tabell, som regel ha noko å lære av kommunane som er i toppen av den same tabellen.

#### Sitat Kommunebarometeret

*Vinje havner på en 241.plass i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret 2018 fra Kommunal Rapport. Da har vi korrigert plasseringen med hensyn til Økonomiske rammebetingelser. Ser vi bare på nøkkeltallene og ignorerer økonomiske forutsetninger, er kommunen på en 93.plass. Nøkkeltallene er klart svakere enn økonomiske forutsetninger skulle tilsi. Nøkkeltallene er samlet sett klart bedre enn normalen i Kommune-Norge.*

*Vinje er helt i toppsjiktet innen helse og sosialtjeneste. Kommunen er også inne på Topp 100-lista hva gjelder pleie og omsorg, vann, avløp og renovasjon og saksbehandling.*

*Kommunen har sin svakeste plassering innen enhetskostnader (414. plass).*

*Kommunal Rapport gjør noen endringer i metoden hvert år. Nye og bedre nøkkeltall kommer til, mens andre fjernes. Dette påvirker kommunen. Det er i tillegg viktig å huske at mange ting ikke blir målt. En god plassering et enkelt år kan skyldes tilfeldigheter - på samme måte som en dårlig plassering. Likevel: I hovedsak vil kommuner som ligger langt nede på en tabell, som regel ha en del å lære av kommunene som er i toppen av den samme tabellen.*

## ØKONOMI

#### Sitat Kommunebarometeret

##### Økonomi:

*Korrigert netto driftsresultat var 0,9 prosent i fjor. Mange kommuner leverte bedre marginer. Teknisk beregningsutvalg anbefaler en pluss på 1,75 %. Vinje havner på 307. på denne tabellen for 2017. Målt over de siste fire årene har driften gått i pluss. Netto renteeksponert gjeld er ganske lav, målt mot brutto driftsinntekter. Investeringsnivået har vært omtrent middels i Vinje de fire siste årene.*

##### Kostnadsnivå:

*Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Vinje er blant de høyeste i landet, og er på 407. plass på denne tabellen. Innen pleie og omsorg er kommunen blant de dyrest drevne i landet. Vinje driver barnehagene dyrere enn de aller fleste andre kommuner. Kostnadene innen barnevernet ligger nærmere de billigste enn de dyreste kommunene.*

## VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE

### KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstilt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar. Det er framleis 9 kommunar som ikkje har rapportert, og det kan gje utslag på samanlikningane i Kostragruppa vår.

### Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenestekområda.


#### Finansielle nøkkeltal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,1	2,2	1,7	1,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,7	2,4	5,1	4,3
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	218,2	228,2	194	182,1
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	4,2	8,2	5,7	15,7
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	60 210	63 105	63 479	62 455
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	113 651	88 531	53 979	45 669

Vinje kommune har dårlegare resultat enn fjoråret, men står seg fortsatt godt samanlikna med mange.


## Brutto driftsinntekter i %, fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Både rammetilskot og andre statstilskot er låge, målt som del av totalen, medan "Sals- og leigeinntekter" og "Andre driftsinntekter" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Vi har meir inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke og Tinn. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.



## Prioritering av oppgåver

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i samanlikna med andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane mot kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.



Vinje skil seg i liten grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg høgt på tekniske tenester (VAR), og litt høgare enn like kommunar på næringsarbeid, planlegging og

kultur. Kraftinntekter vert nytta til å finansiere tre av desse områda. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for ein så omfattande aktivitet.

På områda barnehage, grunnskuleopplæring, barnevern og bustad, brukar Vinje mindre ressursar enn samanliknbare kommunar.

### Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester, må ein sjå i samanheng med at det er gjort eit bevisst val på ein desentralisert struktur på fleire område.

Økonomibarometeret frå Kommunal Rapport syner at kommunen har variable resultat innom ulike nøkkeltal som avisa har valt ut (plassiffer).

Rangering per nøkkeltal		Antall m data		Antall m data		Antall m data		Antall m data		Antall m data		Antall m data		Antall m data		Antall m data		Antall m data	
		416		428		416		415		414		415		414		416		428	
		Korrigerert netto driftsresultat siste år, i prosent av brutto driftsinntekt		Korrigerert netto driftsresultat siste fire år, i prosent av brutto driftsinntekt		Brutto driftsresultat siste år i prosent av brutto driftsinntekt		Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt		Endring i disposisjonsfond siste år		Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekt		Endring i renteeksponert gjeld siste år		I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusiv avdrag		Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekt	
		Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år		Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekt															
Knr	Kommune	I samlet		fylket		merkna													
834	Vinje	261		13		21		334		244		319		299		371		79	
		211		115		265		126		250									


## Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, løn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomi-forvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, og hatt relativt stabile netto driftskostnader. Netto driftsresultatet for 2017 syner eit overskot på 20,2 mill., mot 34,4 mill. i overskot for 2016. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk syner at Vinje hadde eit mindreforbruk i 2017 på 11,8 mill. mot 9,2 mill i 2016.

Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatongrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (var tidligare 3%) er ikkje trekt ifrå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna.

## Utvikling i brutto- og netto driftsresultat




Årsakene til eit betre resultat er kort oppsummera:

- Auka sals- og leigeinntekter
- Auka inntekts- og formuesskatt
- Auka direkte og indirekte skatter
- Reduserte renteutgifter


## Utgiftsfordeling i 2017 (i 1 000 kr)

Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.




Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med nesten 5,5 millionar frå 2016 til 2017. Kommunen brukte nesten 7,7 millionar meir på varer/tenester som inngår i kommunal teneste-produksjon, samstundes som ein kjøpte meir tenester utanfrå.

Ca 61% av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, som er svakt lågare enn 2016. Lønnsrelaterte utgifter utgjer vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene er ca 62 millionar, og auken på 2 mill. frå 2016 til 2017 knyter seg til auka lønsutgifter. Kommunen betalte 29 millionar i arbeidsgjevaravgift i 2017. Figuren under syner fordeling mellom løn og godtgjering, pensjonar og arbeidsgjevaravgift i perioden 2013-2017.




## Gjeld


Gjennom året har vekta gjennomsnittsrente variert frå 1,93 % ved inngangen av året, til 1,78 % ved utgangen av året. Grunnen til reduksjonen er fallande marknadsrente. Trass i ein gjeldsauke på ca 34,5 millionar, har renteutgiftene gått ned med 1 829 660 kr i 2017 samanlikna med 2016.



Gjelda har halde seg høg dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. I forvaltinga søker ein å oppnå stabile finansutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av det historisk låge rentenivået. Rentenivået på låneportefølja er i tråd med- og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til finansreglementets krav har. Største enkeltlån ( NOK 90 mill.) utgjør 18,63 % av total lånegjeld, og kravet her er 20%.



Tilhøvet mellom korte og lange fastrenter og flytande rente ser ein i figuren under. Utover eit lite lån på kr 150 000 hjå Rismyrlegatet, hadde kommunen ved årets utgang plassert sine innlån i fire låneinstitusjonar, som går fram av figuren under.



## Renteinntekter


Vinje kommune har, i tillegg til driftskonti i Tinn sparebank og DnB, dei siste seks år plassert overskotslikviditet gjennom Gjensidige Investeringsrådgiving. Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 1 månads NIBOR. Plasseringa i Gjensidige har vore noko betre i 2017 enn 2016. Med nytt finansreglement har ein justert porteføljen hos Gjensidige noko, slik at ein optimaliserer avkastinga.

## Tidsvekta avkastning i 2017

**2017 var eit godt år for renter og aksjar;** Sentralbankane støtta kaupte obligasjonar for å tilføre marknaden likviditet. Historisk låge renter. Lågare arbeidsløyse i høve til på mange år i store leiande økonomiar bidrog til ein bred synkronisert opptur i verdsøkonomien. Avkastningen blei 4,45% i 2017.


**Obligasjonar** gav meiravkastning då ein valde renteforvaltarar med lenger løpetid. Når dei lange rentene falt, gav dette kommunen god kursgevinst gjennom året. Høgare obligasjonar gav også meiravkastning, fordi kredittpåslaget sank betrakteleg frå me gjekk inn og gjennom året.

Aksjer gav god avkastning som følge av mellom anna betre topplinevekts med god hjelp av auka i verdsøkonomien.



Marknadsverdien ved nyttår 2016 var kr 36.848.000. I løpet av 2017 har verdien auka til 49.056.046 kr, det inkluderer ca 10 millionar i tilført kapital i juni 2017. Dette beløpet fordeler seg slik på dei ulike aktivaklassane:


### Porteføljeallokering



### Likviditet


Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon i 2017. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca. 146,8 mill. kr innestående på konto, medrekna den plasserte overskotslikviditeten som har marknadsverdi på kr 49 mill. i Gjensidige. Dette er 29,6 mill. høgare enn 2016.

Figuren under gjev eit bilete på likviditetssituasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




## Investeringane

Vinje hadde i 2017 noko høgare aktivitet på investeringsfronten 2016.




Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen opp i hovudtal, ser ein som vanleg at investering i anleggsmidlar er dominerande også i 2017. I 2017 var utlån av startlån kr 2,3 mill og KLP kr 1,4 mill.




## Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er på omtrent same nivå som 2016. Både auken i anleggsmidlar på ca. 56 mill. kr, og ca. 29 mill. meir i sum omløpsmidlar gjer at biletet vert endra. Totalkapitalen er på nesten 2 milliardar kr. og har auka med 4,5 % i løpet av 2017.



## Fondsmidlar

Figuren under syner utviklinga i fondsbeholdninga ved utgangen av dei 5 siste rekneskapsåra. Beholdninga auka frå ca. 136,7 mill. i 2016 til 160 mill. i 2017. Største del av auka er relatert til konsesjonsavgiftsfond. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einskilde år. Figuren under baserer seg på note 6 i rekneskapen.




## Verksemda

### *Investeringar*

Det blei investert for 66,2 mill. i anleggsmidler i rapporteringsåret, mot ca 63 mill. året før. Kommunen betalte eigenkapitalinnskot i KLP på kr 1,4 mill. kr. Det blei lånt ut 2,3 mill i startlån og betalt kr 783 000 avdrag.

Rekneskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne leidningsnett avløpsanlegg Vågslid 19,5 mill , vassverk Rauland 10,8 mill, kommunale vegar 7,2 mill og grunnnerverv 3,4 mill. Investeringsrekneskapen kjem ut med eit resultat i balanse for 2017.

Dersom ein gjer ei samanlikning over tid, så ser ein at 51,97 % av investeringane siste fire år er lånefinansierte. Andelen var noko lågare i tidlegare for så å ha auka dei seinste åra.



### *Drift*

Vinje kommune har eit mindreforbruk på kr 11,8 mill i 2017. Om ein ser bort frå Åmot skule og reinhald, syner rekneskapen jamt over gode resultat for einingane.

Tabellen på under syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.

# VINJE KOMMUNE – ÅRSMELDING 2017

Fordeling av driftsresultat 2017 jf. Note 11 i rekneskapen			
	Mindreforbruk		Meirforbruk
Eining:	2017	2016	2017
Rådmannen	117 247	16 817	
Tenestetorget/OAI			67 526
Sosial	4 228		1 504
Økonomi, plan og utvikling	2 396 689	731 729	
Barnevern		873 687	8 280
Rauland skule	671 968	833 158	
Åmot skule		579 101	2 515 257
Edland skule	897 539	178 406	
Øyfjell oppvekstsenter	392 676	222 482	
Åmot barnehage	341 830	501 748	
Rauland barnehage	491 828	448 260	
Edland barnehage			140 968
Helse og omsorg	1 172 486		8 656 411
Kultur	766 787	1 246 436	
Kjøkendrift	55 455	240 543	
Teknisk drift og vedlikehald	1 732 690	1 148 026	
Reinhald og tekstil			1 480 141
Næringskontoret	5 416 668	1 394 028	
Sjølvcost byggesak, oppm., plan		208 794	1 461 898
<sjølvcost VARF		0	2 644 413
<b>Sum einingar</b>	<b>14 458 091</b>	<b>8 623 215</b>	<b>8 318 483</b>
Overført frå drift til investering			
Særavtalekraft	1 260 545	2 763 000	
Rammetilskot			1 941 153
Konsesjonskraft inntekter	435 293	3 643 000	
Statstilskot			529 212
Tilkoplingsgebyr			
Skattar/E.skatt	4 534 386	4 893 000	
Flyktningtilskot	233 566	53 000	
Renter og avdrag m.m.	1 919 234	357 000	
Konsesjonsavgifter	298 746	2 121 000	
Bruk fond /underskot			
Gebyr/tap på krav			568 017
<b>Rekneskapsres. einingane</b>	<b>14 458 091</b>	<b>8 623 215</b>	<b>8 318 483</b>
Reknesk.res. utanom einingane	8 681 770	13 830 000	3 038 382
<b>Samla rekneskapsresultat</b>	<b>23 139 861</b>	<b>22 453 215</b>	<b>11 356 865</b>

Når ein vurderer resultata må ein hugse på at resultatet, som kjem fram i rekneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette over fleire år.

## Økonomisk styring – budsjettavvik

Det samla budsjettresultatet i einingane er i korte trekk prega av moderate utgifter til drift. Under følgjer kommentarar til dei største avvika og endringane:

### *Økonomi, plan og utvikling*

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 2,4 mill. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 400 000 frå 2016, samt at ein har hatt redusert bemanning i deler av 2017 – noko som har ført til at ulike prosjekt er skuba ut i tid.

### *Edland skule*

Eininga hadde eit mindreforbruk på i underkant av 900 000 kr i 2017. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 170 000 frå 2016, samt eit mindreforbruk på løn grunna lågare utgifter til vikar enn det ein har fått inn i sjukelønsrefusjon (grunna ansiennitet og utdanning) og prosjektmidlar frå UDIR på kr 320 000. I tillegg har ein i påvente av renovering/oppussing ikkje investert i inventar og utstyr i 2017.

### *Rauland skule*

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca 672 000 kr i 2017. Noko av mindreforbruket skuldast at eininga fekk med eit mindreforbruk på 300 000 kr frå 2016, nøktern bruk av vikarar, ubruka prosjektmidlar frå UDIR og utsett kjøp av nye lærebøkar i påvente av ny læreplan i 2020.

### *Åmot skule*

Eininga hadde eit meirforbruk på ca 2,5 mill kr i 2017. Meirforbruket er hovudsakleg relatert til lønsutgifter, og det vil bli sett i gang tiltak for å få ned desse utgiftene i 2018. ØPU har jevnlege møter med eininga kring dette.

### *Næringskontoret*

Eininga hadde eit mindreforbruk på om lag kr 5,4 mill. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med eit mindreforbruk på ca 1,4 mill frå 2016, samt at mykje av mindreforbruket i 2017 er bunde opp i løyvingar som ikkje er utbetala enno.

### *Vinje helse- og omsorgstenester*

Den økonomiske situasjonen i helse og omsorg har hatt stort fokus dette året politisk, administrativt og innom ulike tenesteområde. Dette som fylgje av underskot i varierende omfang avhengig av variasjonar i tenester over år. 2016 resulterte i eit større underskot, og situasjonen forverra seg ytterlegare i 2017. Det har vore behov for å gjere grep. I 2017 har fokus vore retta mot å analysere kostnads- og inntektssida i eininga, og å finne fram til moglege tiltak for å redusere driftsutgiftene i åra framover. Analysen førde til at eininga fekk tilførd midlar til ramma gjennom året, slik at utgangspunktet for driftsreduksjonar i 2018 blei reelt. Grepa som vart gjort førte til eit mindreforbruk på 1,2 mill.

Kostnadsreduserande tiltak er gjennomført i 2017 og planlagt for inn mot budsjett 2018, i form av nedbemanning, omstilling og reduksjon i tenester. Parallelt har ein halde stillingar vakante.

**Kultureininga**

Eininga hadde eit mindreforbruk på ca kr 767 000 i 2017. Avviket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 800 000 frå 2016 – i tillegg til redusert bemanning grunna sjukefråvær og permisjonar.

**Teknisk drift og vedlikehald**

Mindreforbruk på om lag kr 1,7 mill. skuldas mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr 900 000 frå 2016, samt relativt få uventa utgifter på variable kostnader som straum og snomengder, flaum m.m.

**Reinhald og tekstil**

Eininga hadde eit meirforbruk på om omlag kr 1,5 mill. i 2017. Avviket skuldast hovudsakleg auka lønsutgifter i samband med utvida reinhaldsareal og innleie av vikarar, samt at eininga fekk med seg eit meirforbruk på kr 770 000 frå 2016.

**Framtidsbarometeret**

Framtidsbarometeret brukar 16 ulike indikatorer for å spå det økonomiske handlingsrommet kommunane vil ha i 2021, som er seiste år i inneverande økonomiplanperiode.

Framtidsbarometeret skal gje kommunane eit grovt bilete av risikoområda framover. Nokre har solid økonomi og vil bli budsejttvinnarar framover fordi dei har sterk folkevekst. Andre slit økonomisk og vil får kraftig redusert inntekter framover fordi innbyggjartalet fell og sysselsettinga er lav.

Framtidsbarometeret er inga rangering. Hensikten er å gje eit bilete på om det er litan eller stor økonomisk risiko for den einskilde kommune dei neste åra målt mot resten av Kommune-Noreg.

Knr	Kommune	Foketall	Sysselsetting	Økonomi	Total
0834	Vinje	Ganske lav	Lav	Ganske høy	Ganske lav
0833	Tokke	Ganske høy	Middels	Lav	Ganske lav
0826	Tinn	Høy	Ganske høy	Ganske lav	Ganske høy
0941	Bykle	Lav	Lav	Lav	Lav

**Sitat Framtidsbarometer for Vinje:****Folketall**

Kommunen ligger ganske godt an på indikatoren Folketall. Sannsynligvis vil veksten i rammetilskudd bli bedre enn hos flertallet, i årene som kommer.

**Sysselsetting**

Indikatorene innen sysselsetting er veldig gode målt mot resten av landet. Det gir i alle fall et positivt utgangspunkt hva gjelder utviklingen i skatteinntektene.

**Økonomi**

*De økonomiske nøkkeltallene er ganske dårlige målt mot resten av landet. Kommuneøkonomien generelt er god, men indikatorene indikerer at risikoen er ganske høy.*

**Totalt**


*Målt mot resten av Kommune-Norge, viser indikatorene at risikoen for kommunen er relativt lav de neste årene. Mange har klart større utfordringer.*

## SAMFUNNET SETT GJENNOM TAL

### Folketalsutvikling

Vinje kommune har i flere år hatt variasjon i folketalsutviklinga. Sidan den store boomen med kraftutbygging på sekstialet har det stort sett gått nedover frå toppåret 1964 med 4 221 innbyggjarar. Dei siste ti åra har Vinje totalt sett hatt ei lita folketalsauke frå 3 694 til 3 709. I eit moderne samfunn er mange menneske til ei kvar tid på flyttfot, og for Vinje er målet i fyrste omgang å få så mange som mogleg til å bli buande av dei som er innom.

Folketal i Vinje 1. januar, SSB



## MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJON

### Service

Service er viktig for Vinje kommune. Me ynskjer at brukarar av kommunen skal oppleve at dei får ei god oppleving når dei er i kontakt med våre medarbeidarar – anten det er på Tenestetorget, den øvrige administrasjonen eller ute i dei ulike einingane som sjukeheim,

barnehage, skule med meir. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange einingar i kommunen. Dette er tidssparande for brukarane, men også for sakshandsamarane. Tenestetorget utfører tenester for. Derfor er det stor breidde på kompetansen blant dei som er tilsett på Tenestetorget.

### Likestilling og forbod mot diskriminering

Kommunar og fylkeskommunar har framleis plikt til å gjere greie for likestilling og diskriminering i årsberetningane. Dette blei klårt då Stortinget i desember 2017 vedtok å gjeninnføre redegjørelsesplikten, som opprinneleg blei oppheva som fylge av ny likestillings- og diskrimineringslov. Lovsaka er ferdigbehandla og sanksjonert i statsråd.

I dag har alle arbeidsgjevarar plikt til å gjere greie for korleis situasjonen er i verksemda når det gjeld likestilling mellom kjønn, og til å gjere greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremme slik likestilling og hindre kjønnsdiskriminering. I tillegg har alle offentlege og private arbeidsgjevere med meir enn 50 tilsette ei plikt til å gjere greie for iverksette og planlagde tiltak for hindre diskriminering på bakgrunn av funksjonsevne, etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Regjeringas forslag til ny likestillings- og diskrimineringslov tyder at arbeidsgjevars plikt til å gjere greie for desse tiltaka i årsberetninga blei fjerna. Samtidig blei aktivitetsplikta for private arbeidsgjevarar med mindre enn 50 tilsette utvida til å gjelde fleire diskrimineringsgrunnlag, og aktivitetsplikten for alle offentlege arbeidsgivere og private arbeidsgjevarar med meir enn 50 tilsette blei vidare konkretisert i fire trinn for alle diskrimineringsgrunnlag. Lova blei på dette området vedteke som foreslått av regjeringen, og trer i kraft 1. januar 2018.

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker siste året som har vore direkte knytt opp til temaet likestilling.

I kommunens administrative leiing, rådmann, assisterande rådmann og einingsleiarar, er 11 av 18 leiarar kvinner.

Mangfald handlar om å kombinere ulikskap, slik at breidda i erfaringar og tenkjemåtar kan bidra til utvikling og nyskaping. I samband med rekruttering, freistar ein å tilsetje kandidatar frå det underrepresenterte kjønn. Det vert også tilsett personar med anna språkbakgrunn dersom dette høver, for å møte krava i diskriminerings- og tilgjengelighetslovgevinga.

Vinje kommune melde seg ut av KS-nettverket for Universell Utforming av omsyn til manglande kapasitet. Vi meiner likevel at vi har naudsynt kompetanse og fokus på dette. Gjennom arbeid i nettverket har vi fått tilgang på både nettverk og informasjon.

## Medarbeidarutvikling

Både godt leiarskap og godt medarbeiderskap<sup>1</sup> må til for å ha ein velfungerande organisasjon. I 2016 avslutta ein ei kursrekke på i alt 21 kurs. Til saman deltok ca. 430 medarbeidarar i kommunen på desse kursa. Det har i 2017 ikkje vore avhalde kurs om medarbeiderskap, men det er planlagt nye kurs i 2018 for medarbeidarar som er tilsett etter 2016.

Målsetjingane for medarbeiderskap i Vinje er uttrykt slik:

- **Betre tenester**
- **Høgare brukartilfredsheit**
- **Myndige og sjølvstendige medarbeidarar**
- **Mindre avvik ved tilsyn**
- **Høgare tilfredsheit**
- **Lågare sjukefråvere**
- **Betre resultat i KOSTRA og Kommunebarometeret**
- **Alle gjennomfører medarbeidersamtaler kvart år**

Fokuset på medarbeiderskap vart mellom anna fulgt opp på vårparten i 2016 gjennom medarbeidarundersøkinga «10-faktor», som er eit verktøy for utvikling av godt leiarskap og medarbeiderskap. Vi fekk svar frå 435 av dei tilsette, som utgjer 80% av arbeidstakarane, og det må ein seie seg nøgd med. Det vil føre for langt her å gjennomgå alt materialet, men samanlikna andre kommunar som har gjennomført undersøkinga, så skårar Vinje i gjennomsnitt 3% lågare. Resultata syner at ein særleg må jobbe med desse tre områda:

Meistringsorientert leiing	Leiing som vektlegg at den einskilde medarbeidar skal få utvikle seg og bli best mogleg ut frå egne føresetnader, slik at medarbeidaren opplever meistring og yter sitt beste.
Relevant kompetanseutvikling	Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenester som blir levert, uansett kva type teneste vi snakkar om.
Meistringsklima	I eit meistringsklima motiverast medarbeidarane av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode, framfor å rivalisere om å bli best.

Funna i medarbeidarundersøkinga vart fulgt opp gjennom einingsvise handlingsplanar utover i 2017. Neste medarbeidarundersøking kjem i 2018.

<sup>1</sup> M. er summen av korleis eg forhold meg til arbeidsoppgåvene, arbeidskollegaer og arbeidsgjeveren

## Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Vinje kommune har vedteke etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde. Dei vart sist reviderte i 2013.

**Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.**

Som forvaltar av samfunnets fellesmidlar vert det stilt høge krav til etisk haldning hjå den enkelte.

Innhald i dei etiske retningslinene er

- Retningslinjer for tilsette sin bruk av sosiale media
- Bedriftskultur
- Informasjon
- Gåver og innkjøp

I januar gjennomførte Vinje kommune eit halvdagsseminar med advokatfirmaet Steenstrup Stordrange der tema var etikk og antikorrupsjonsarbeid. På seminaret deltok leiargruppa, mellomleiarar , sakshandsamarar, tilsette på personalavdelinga og tillitsvalde.

## Personalpolitikk

Støtteininga Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for overordna personalarbeid.

## Tal på årsverk

Pr 1.12.2017 viser statistikk frå KS`PAI-register Vinje kommune har 442 årsverk. Dette er ein auke på 1,9% frå same tid i 2016.

## Lærlingar

Kommunen har hatt inntil fem lærlingar innan helsefag og fire innan barne- og ungdomsfag. Det er ei auke frå 2016 då vi hadde 3 innan helsefag og 2 innan barne – ungdomsarbeid.

Vinje kommune er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentleg sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordning og oppfølging av lærlingane.

## Sommararbeid for ungdom

21 ungdommar mellom 16-18 år hadde sommarjobb på ulike stader i organisasjonen, kvar på 3 veker. Dette er nedgang frå 2016 då vi hadde 26 ungdommar i ordninga.

## 25-års jubilantar / pensjonistar

Vinje kommune inviterer kvart år alle som har jobba 25 år i kommunen og alle som går av med pensjon i løpet av året til ein felles festmiddag.

Årets middag var på Rauland høgfjellshotell fredag 17. november.

Pensjonistane fekk ein akvarell av Reidar Kolbrek, medan 25-årsjubilantane kunne velje mellom gullklokke med inskripsjon eller ein gåvesjekk.



*25-årsjubilantane saman med ordførar Jon Rikard Kleven og rådmann Jan Myrekrok  
Eva Versto Oterholt, Lasse Mathisen, Bjørg Nystog, Åsne R. Sandok, Ingfrid Solberg, Signe Slåtta, Asborg  
Kroken, Anne Jordstøyl,  
Ikkje tilstades: Mari Øien, Nelly R. Landsverk, Helen Slåtta Mathisen*



*Pensjonistane saman med ordførar Jon Rikard Kleven og rådmann Jan Myrekrok  
Toril Nicolaisen, Torggrim Thomassen, Inger Lise Ullsvik, Anne Haugland, Ingebjørg Bråstøyl, Anne Tveiten  
Ikkje tilstades: Karin Rønningen, Synnøve Haugane, Guri Myrvang, Gerd Bråstøyl, Nelly R. Landsverk, Anlaug Groven*

### Tryggjande kontroll

Med bakgrunn i rundskriv av 21. juni 2013 frå Kommunal og regionaldepartementet om iverksetting av endringar i kommunelov, gjer ein greie for dei tiltak rådmannen set i verk for å sikre tryggjande kontroll (internkontroll). Internkontroll er integrert i den ordinære verksemdsstyringa og det er gjort følgjande konkrete tiltak for å vidareutvikle internkontrollen:

- Det er gjennomført risikoanalyser for einingane si tenesteutføring
- Det er gjennomført forbetringstiltak i tenestene i samband med oppfylging av uynskte hendingar og tilsyn frå regionalt nivå

### Compilo – internkontrollsystem


Compilo vert nytta som kvalitetssystemet til Vinje kommune. Systemet skal sikre at Vinje kommune har eit felles avvik- og forbetringssystem, dokumentstyring, årshjul og ROS (risiko og sårbarhetsanalyser) for heile organisasjonen. Det er gjennomført opplæring for leiarar, superburkarar og verneombod. Faste arbeidsøktar er sett opp for å sikre kontinuerleg oppdatering av rutinar/prosedyrar.

### Sjukefråvær

Vinje kommune er ei IA - verksemd, der eit av måla er å redusere sjukefråveret. Me ynskjer at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskadar slik at me får eit lågast mogleg sjukefråver. Det vert jobba systematisk med

sjukefråversproblematikken, og me har ein formalisert dialog som tek til etter at sjukfråveret har vart i fire veker i tillegg til fleire andre tiltak. Ymse prosedyrer i høve sjukefråver har i 2017 blitt revidert. Dette gjeld mellom anna rutine ved korttidsfråver og rutine for oppfølging av gravide arbeidstakarar i samarbeid med jordmor. Vi ynskjer å arbeide forebyggjande og difor har det vore eit auka fokus på tett og tidleg oppfølging av sjukemelde og støtte frå HMS og personal til leiarane.

Likevel har sjukefråveret gradvis gått noko opp sidan 2014 og ligg på 7,24% totalt. Erfaringar frå tidlegare år viser tilsvarende svingningar.



### IA-bedrift

Vinje kommune har vore IA bedrift (Inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. Det vart i 2014 inngått ei ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter, denne gjeld fram til 31.12.2018

Målet med IA avtala er

- å førebyggje og redusere sjukefråværet.
- hindre fråfall og auke sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne
- forlenga yrkesaktivitet etter fylte 50 år (auke reell pensjoneringsalder)

### Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Stamina Helse, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse- HMS – teneste (Helse-, Miljø- og Sikkerheit).

Samarbeidet med Stamina fungerer bra, men for å få til ei god teneste, har det vist seg at det er heilt naudsynt at kommunen opprettheld stillinga som HMS – rådgjevar. Denne funksjonen samordnar tenesta, hjelper einingsleiarane med oppfølging av sjukefråver, og er kontaktperson mellom einingane og Stamina. Avtala med Stamina vart vidareført etter ny anbudsrunde i 2017.

## Tillitsvalde

I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 13 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakar-organisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 20%.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemar i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet. Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemar.

## Samrådsmøte

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

## Trim og aktivitetskort

Frå 2008 har kommunen hatt ei trimordning der alle som gjennomfører 45 min. trim to gonger pr. veke får eit gåvekort i premie. Alle er òg med på trekning av større gevinstar som dei tre sportsbutikkane i kommunen har sponsa, i tillegg til eit reisegåvekort som er gjeve av eit reisebyrå. I år var det 233 som fullførte trimordninga, dette utgjer vel 40 % av alle tilsette.

Rådmannen takkar og rosar dei lokale sportsbuine som kvart år stør opp om ordninga med fine premiar og er med på overrekkinga.



*Vinnarane: Wenche Almenning, Rannei S. Nordstoga, Jon Hovind Djup, Oddvin Kollbotn, Samen med: Rådmann Jan Myrekrok, og representantar frå sportsbuine og OAI som er ansvarleg for gjennomføring av ordninga; Tone Hild Sørland Lyslid, Kjersti Torvøtjønn og Toril H. K. Svalastoga.*

## PLAN OG UTVIKLING

### Sitat Kommunebarometeret

*Kommunen er blant dei beste i landet når det gjeld å overhalde byggjesaksfristane. Det er bra, har andre noko å lære?*

*Behandlingstida for eitt-trinns søknadar er ganske kort.*

*Byggjesaker med 12 veters frist blir behandla litt treigare enn det som er vanleg i Kommune-Norge.*

Desse tenestene høyrer inn under støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte areal - planlegginga i kommunen. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar. Eininga skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid.

### Mål og måloppnåing

Vekst i folketalet

- Det har vore nedgang med 18 personar frå 2016.

Ha byggjeklare tomter i alle delar av kommunen

- Me har byggjeklare tomter, men dette må det arbeidast fortløpande med, då det er behov for fleire attraktive tomter.

Sakshandsamingstid på private reguleringsplanar på maks 180 dagar

- Målet er nådd. Der prosessen har teke lenger tid ligg årsaka hos forslagstillar.

Oppfølging av samfunnsdelen og planstrategien

- Målsetjinga er hovudsakleg nådd.

Tidsfrist for matrikkelføring som krev oppmålingsforretning ikkje skal overstige 16 veker

- Målet er delvis nådd.

Matrikkelføring utan krav til oppmålingsforretning skal vere 6 veker.

- Målet er delvis nådd.

Adresseringsgraden skal ha auka frå 97,94 til 99% i løpet av året

- Adresseringsgrad pr. 31.12.16 er 99%, restadresseringa tek lengre tid enn planlagd.

## Status planstrategi/planoppgåver

Planstrategi/planoppgåver	Status
<b>Kommuneplanens samfunnsdel</b>	vedteke 02.02.2017
<b>Kpd Vågslid alternativ 2</b>	vedteke 19.10.2017
<b>Kpd Vågslid alternativ 1</b>	under politisk handsaming
<b>Kpd Stiar og løyper</b>	vedteke 18.01.2018
<b>Kpd helse og omsorg Vinje kommune 2017 -2030</b>	vedteke 17.09.2017
<b>Kpd Rukkemo –Torvetjønn</b>	rullering under arbeid
<b>Kpd Haukeli –Edland</b>	rullering under arbeid
<b>Kpd for trafikksikring 2008-2015 –</b>	rullering 2018-2021 under arbeid
<b>Kpd Åmot</b>	vidareførast
<b>Kpd Rauland</b>	rullering neste KS- periode
<b>Kommuneplanens arealdel</b>	arbeidet startar opp i 2018
<b>Næringsplan 2017-2021</b>	vedteke 06.04.2017
<b>Lokal forskrift motorferdsel</b>	vedteke 22.06.2017
<b>Beitebruksplan for Vinje kommune 2017-2020.</b>	vedteke 31.01.2017
<b>Overordna beredskapsplan</b>	revidering 2018
<b>Bustadsosial handlingsplan 2011-2016</b>	rullering oppstart 2018
<b>Bustadpolitisk plan 2015 -2018</b>	rullering oppstart 2018
<b>Klimaplan for Vinje kommune</b>	oppstart ny plan vår 2018
<b>Kulturminneplanen</b>	er ikkje starta opp pga manglande kapasitet
<b>Helse –sosial og smitteberedskapsplan, vedteke KS 2016</b>	revidert i 2017
<b>Alkoholpolitisk handlingsplan 2016 -2020, vedteke KS 2016</b>	mindre revisjon i 2017
<b>Hovudplan veg og bruar 2015-2020</b>	årleg tiltaksplan
<b>Hovudplan VA</b>	rullering 2019
<b>Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan – skal erstatte alkoholpolitisk handlingsplan og vedtakast av nytt KS innan eit år etter at det er konstituert – 2020/21</b>	vidareførast

Andres planoppgåver:

Regional plan for Hardangervidda er under rullering

Heiplanen –regional plan skal ikkje rullerast i denne kommunestyreperioden

## Prosjekt, plan - og utviklingsoppgåver

- Utviding av Norheimstunet er under arbeid.
- Åmot kollektivknutepunkt/Åmot nordaust er under arbeid

- Reguleringsplan Åmothaugen Vest, inkludert universelt utforma sti til Ormetjønn er under arbeid
- Gang - og sykkelveg Haddeland er vedteke
- Vinje blei Trafikksikker kommune våren 2017, der godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik



- Kunstmuseum på Rauland er under arbeid
- Bustadfelt i Øyfjell er under arbeid
- Deltaking i vassforvaltning Tokke/Vinje, Aust-Telemark og Midt-Telemark – arbeid fortløpande med tiltaksgjennomføring
- Deltaking i arbeidet med E134 Haukelifjell og KVU
- BYRegion Vest-Telemark
- Noregs nasjonalparkar og nasjonalparklandsbyar; deltok på nasjonalparkkonferansen i Jondal. Det er sett i gang eit regionalt arbeid med besøksstrategi/besøksforvaltnign for Hardangervidda. Ein av oppgåvene er å ha kontakt med lokalt næringsliv for å sjå på gode opplevingar for besøkande og bidra til auka verdiskapiing –innanfor rammene av kva verneverdiane tåler.
- Fjellnettverket: Vest-Telemarkrådet blei medlem i år og har no administrativ og politisk kontakt for alle kommunane i VT. I Telemark er Tinn og Hjardal og medlemmar.
- Fjellungdomsnettverk. Dette er arena for opplæring av unge politikarar. Ungdom i VT ynskjer at ein knytter ungdomsnettverk i Vest-Telemark til det nasjonale fjellungdomsnettverket
- Nasjonalt nettverk for universell utforming. Kommunen sa opp vidare deltaking i desember.
- Geologiske kart over Hardangervidda; kart for Vinje, Tinn og Nore Uvdal er ferdige.
- «Berekraftig mat og opplevsar» er ein tiltaksplan i eige av Vest-Telemarkkommunane saman med Tinn og Hjardal + Notodden. Målet er auka omsetning av bærekraftig lokalmat hjå lokalt reiseliv og produsentar i Fjell-Telemark. Her arbeider vi med å få til god samanheng til Verdsarven.



Produsentar, reiseliv og kommunar går saman om mat og opplevsar i Fjell-Telemark.

- Verdsarven i Vinje, Tinn og Notodden i samarbeid med Telemark fylkeskommune;
  - Infotavler med tekst på nynorsk, engelsk og tysk samt bilete, er under arbeid og vil bli sett opp ved Kræbuti (Mogen), på Varland, på Vierli, i Rauland sentrum og ved oppgangen til Falkeriset våren 2018. I tillegg har vi spleisa med Tinn kommune på ei tavle som skal setjast opp på Dammen, ved gamle Skinnarbu hotel.
  - Utstillinga «Historia om Møsstrand», som skal stå i verdsarvsentera: innsamling av bilete og dokument er mykje meir omfattande enn fyrst tenkt sidan mykje av materialet er i private eige og må digitaliserast før vi kan nytte det. Det arbeidast difor med finansiering og arbeidet bør strekkjast over fleire år.



- I august var alle tilsette i skulane i Vinje på busstur i Verdsarven. Turen gjekk med 2 bussar og 82 lærarar til Rjukan, der vi møtte lærarar frå Tinn og Notodden. Det var foredrag på Rjukanhuset, sentrumsvandring, togtur ned til Mæl og båttur med Storegut til Tinnoset, for vi returnerte med buss tilbake til Vinje.



På Storegut var det mellom anna foredrag av Øystein Haugan, verdsarvkoordinator i Tinn kommune.

## Byggesak

### Sitat Kommunebarometeret

*Kommunen er blant de beste i landet hva gjelder å overholde byggesaksfristene. Det er bra, har andre noe å lære?*

*Prosessen for søknader med 3 ukers behandlingsfrist er ganske rask.*

*Byggesaker med 12 ukers frist behandles litt tregere enn det som er vanlig i Kommune-Norge.*

*I ganske få tilfeller fører kommunen faktisk tilsyn med byggesakene, ifølge statistikken.*

*Saksbehandlingsgebyret for enebolig er veldig lavt i Vinje bare 0 kroner, ifølge tallene fra Statistisk sentralbyrå*

I 2017 blei det gjennomført forvaltningrevisjon innan byggesakshandsaming. Det blei avdekt nokre områdar ein må forbetre rutinane. Det er laga ein plan for gjennomføring av følgjande tiltak:

- Byggesakshandsamarane skal ha delegert naudsynt mynde.
- Dokumentere rettleiing til publikum.
- Nytte sjekklister som er eigna til å sikre fullstendige søknadar og tilstrekkeleg utgreiing av sakene.
- Gjennomføre risikoanalyse av byggesakshandsaminga.
- Gjere tiltak for å rullere sakar mellom sakshandsamarane frå dei ulike firma.
- Sidemanns- og leiarkontroll i handsaming og vedtak.
- Dokumentere habilitetsvurderingar.

Nokre av tiltaka blei gjennomført i 2017, mens andre blir gjennomført i løpet av 1. halvår 2018.

### Tilsyn etter Plan –og bygningslova

Vinje kommune har utarbeidd strategiplan for tilsyn i juni 2015. Denne vart revidert 29.06.16 og 21.06.17.

**Tabell – statistikk over tilsyn i Vinje kommune pr. år**

	Byggesaker totalt	Tal tilsyn	%-vis tilsyn	Utferda gebyr	Innleigd bistand
Tilsyn 2016	823	67	20,7	58.000,-	24.126,-
Tilsyn 2017	288	52 (+82)	18	110.000,-	6.562,-

Målbar tilsynsaktivitet har gått ned med 3 % sidan 2016. Årsaka til dette er at delar av tilsynskapasiteten er bruka til arbeidet med å finne fram dokumentasjon til Politiet, Skatteetaten og Arbeidstilsynet ei større sak.

### Gjennomførde tilsyn

Type tilsyn	Tal	Underkategori	Tal
Bygningsavfall	24	Søppelhandtering	20
		Brenning	4
Ferdigattest	84	Manglande	82
		Feilaktig utferda	2
Ulovleg veg/terreng	11	Veg	4
		Terreng	7
Avløp/ureining	2	Avløp	1
		Anna (bilvrak)	1
Feil bruk av bygg/anlegg	1		
Feil utført i høve løyve	2		
Manglande godkjenning	6	Ansvar manglar	0
		Løyve manglar	6
Tekniske manglar	4	Brann	2
		Feil løysing	2
Tilsyn med kvalifikasjonar (System og dokument)	1		
Tilsyn med produkt	1		
Totalt utført tilsyn	52+82		



Avfallshandtering i Holtardalen

### Oppfølging av lovbrøt

Reaksjonsform	Tal
Ingen reaksjon/oppfølging	8
- Bagatelmessige lovbrøt	4
- Vart ikkje funne lovbrøt	4
Påminning om søknadsplikt (82+3)	84
Pålegg uavhengig kontroll	1
Pålegg om retting	9
Pålegg om riving	0
Pålegg om stans	0
Lovbrottsgebyr	7
Meldt til politi	0
Rapport til DiBK (Direktoratet for byggkvalitet)	0
Ikkje avslutta	17
Totalt tal på reaksjonar	118
- 17 saker overført til 2018	

Det er ikkje samsvar mellom tala for utført type tilsyn og reaksjonsform fordi nokre av typene tilsyn har medført fleire reaksjonsformer.

I saka som gjeld påminning om søknadsplikt er det 82 saker der tiltaket manglar ferdigattest.

For dei 7 lovbrotsgebyra som er utferda så gjeld at:

- 6 av dei på kr. 10.000,- for å bli tatt for å handtere bygningsavfall lovstridig.

- 1 gebyr på kr. 50.000,- for å brenne bygningsavfall for 3. gong.

Eitt av føretaka som vart ilagt gebyr har klaga på vedtaket fordi kommunen hadde nytta feil heimel. Det vart gjort eit omgjeringsvedtak og dette er ikkje klaga på. Det vart pålagt uavhengig kontroll i ei hytte i Holtardalen etter ei synfaring. Saka er ikkje avslutta. Eit lovbrøt er meldt til politiet i 2016 og er framleis under etterforsking.

## NÆRING

### Ny næringsplan

Kommunestyret vedtok 06.04.2017 Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021.

Hovudsatsingsområda er reiseliv og landbruk, men også med vekt på andre næringar. I kommunestyresaka om næringsplanen blei det vedteke at det skulle opnast for direkte tilskot til bedrifter med finansiering direkte frå Næringsfondet. Formannskapet har vedteke eigne retningslinjer for slike tilskot. Det er gjeve tilskot til 2 bedrifter og 2 bedrifter har fått avslag.

### Reiseliv og turisme

Reiseliv er ei svært viktig næring i Vinje kommune og som nemnd eitt hovudsatsingsområde i kommunen. Reiselivsnæringa bidreg til høg omsetnad, verdiskaping og sysselsettjing og er ein viktig faktor for eit attraktivt og levande samfunn. I rapporten frå Menon Economics *Ringvirkninger av reiselivet i Vinje* går det fram at reiselivet står for ca 600 mill i omsetnad, ca 255 mill i verdiskaping og ca 410 arbeidsplassar ( 2015 ). Med sine 5725 hytter er Vinje kommune landets 4. største hyttekommune 8 etter Ringsaker, Trysil og Hol) . I 2017 blei det gjeve 165 byggjeløyve.

Reiselivsnæringa er i sterk vekst både nasjonalt og internasjonalt og regjeringas reiselivsmelding – Opplev Norge- unikt og eventyrlig ( Meld.St. 19 ( 2016-2017 ) legg opp til satsing på reiselivet i åra framover.

Det er i 2017 arbeidd med fleire tiltak og prosjekt som vil auke atraktiviteten i reiselivet, men som også kjem kommunens eigne innbyggjarar og næringslivet elles til gode. Nedanfor er ein oversikt over ein del av desse.

- Arbeidet med oppfylgning av bruk av næringseigedomar som har vore inn under den kommunale ordninga med 8 års sal- og tilbakeleige har fortsatt i 2017. I 2017 har ombytemodellen vore nytta av 77 einingar i Vågslid og 16 einingar på Rauland. I tillegg har ein handsama ytterlegare 24 søknadar om dispensasjon for bruksendring. Rapport til Kommunaldepartementet vil bli sendt i 2018.
- Opplegg for ny avtale med regionalt reisemålselskap er gjennomført.
- Avtale med Rauland Turist AS er forlenga i 2018 medan arbeidet for opplegg og avtale/r 2018-2022 er under arbeid.

- Formannskapsvedtak om midlar til løypekøyning for 2018 -2021 med kriterier for reiselivsområda.
- I samband med revisjon av kdp Rukkemo-Torvetjønn er konsuletselskapet Mimir engasjert i eit forstudie for Rauland. Det er nedsett ei arbeidsgruppa med representantar frå politikarar, reiselivsnæringa, grunneigarar, idrettslaget, handel m.fl. Forstudiet er ein viktig del av revisjonsarbeidet.
- I samband med revisjon av kdp Vågslid fekk ein utarbeidd eit forslag frå Asplan Viak til skiløyper i Vågslid utanom vassdraget. Prosjekt kryssing av vassdrag i Vågslid er ikkje sett i gang pga manglande samtykke frå grunneigarar.
- Turkiltprosjekt Vågslid «Alle på tur» i samarbeid med Vågslid grunneigarlag vil bli avslutta i 2018. Det står att å få opp nokre skilt, noko Næringskontoret vil fylgje opp ovanfor grunneigarlaget.



Skulpturen Vidsyn avduka og turveg opp opna 02.09.17

### Arrangement og samarbeid

- Turskiltprosjekt Rauland « Alle aktive på Rauland» i samarbeid med Rauland Turist AS og ulike aktørar – i områda Vierli, Rauland Høgfjellshotell, Raulandsakademiet og AIR. Nye tiltak i 2018 og ferdigstilling av dette prosjektet. Prosjektet universelt utforma-turveg «Aktivt liv i sentrum» har inngått avtale med entreprenør for gjennomføring i 2018.
- Skiløype Rauland Høgfjellshotell-Rauland Skisenter i samarbeid med I.L. Dyre Vaa og grunneigarar. Det fysiske arbeidet med skiløypa vert starta

sumaren 2017. Løypa er ikkje heilt ferdigstilt men har blitt køyrd opp som ei ordinær skiløype så langt i sesongen. Løypa fungerer som eit veldig bra trafikksikringstiltak då folk nyttar denne traseen framfor vegen. Før løypa kan ferdigstillast heilt så skal ein stolpe flyttast, omlegging av løype ned mot parkeringsplass, oppussing, og om behov, oppsetting av gjerder.

- Samarbeidsprosjekt mellom IL Dyre Vaa og Vinje kommune om opprusting av skiløypa på strekninga mellom Vierli og Rauland sentrum. Arbeidet blei starta august 2017. Strekninga Liåi ned mot sentrum og strekningen mellom Rauland skisenter blei prioritert i 2017. Nye bruer i Rukkemo-området er delvis på plass og arbeidet i Ådalen er nesten ferdig. Entreprenør i samarbeid med byggeleiar vil jobbe for å få ferdig heile traseen 2018.

### «Varme senger»

Vinje kommune er ein kommune der eit attraktivt reiseliv og eit godt tilbod til dei tilreisande er avgjerande, noko som også kjem kommunen sine eigne innbyggjarar til gode. Ein del av det å ha eit godt tilbod til tilreisande er å ha tilgjengelege og tilstrekkeleg med overnattingskapasitet – såkalla «varme senger».

Arbeidet med oppfylging av bruk av næringseigedomar som har vore inn under den kommunale ordninga med 8 års sal- og tilbakeleige har fortsatt i 2017. I 2017 har ombytemodellen vore nytta av 77 einingar i Vågslid og 16 einingar på Rauland. I tillegg har ein handsama ytterlegare 24 søknadar om dispensasjon for bruksendring. Rapport til Kommunaldepartementet vil bli sendt i 2018.

### Landbruk

NIBIO har publisert ein rapport om verdiskaping i jordbruk og gardsbasera tilleggsnæringar for Telemark. Vinje markerar seg som ein sterk landbrukskommune i fylket. Vi kan mellom anna nemne at Vinje ligg som nummer fire blant kommunane i Telemark når det gjeld både verdiskaping (som bruttoprodukt 29 mill. i 2015) i landbruket – samt vekst frå 2011 til 2015 på 35 %. Det gjeld og sysselsetting der det i Vinje er berekna 78 årsverk (a 1845 timer) i primærjordbruket for 2015.

Det var og gardbrukarar i Vinje som mottok mest investeringstilskot frå Innovasjon Noreg i 2017 for Telemark – over fire mill. Satsinga på landbruk i Vinje - med kommunale tilskot til finansiering - held tydeligvis fram, da vi for 2017 har motteke fire søknader om opprusting og utbygging av driftsbygning. Ytterlegare fire til ligg klare for sakshandsaming.

Etter mange år med utbygging og investeringar i landbruket på ca. 7 mill. i snitt pr. år må 2015 karakteriserast som eit kvileår med 1,8 mill. i investeringar. I 2017 blei det derimot investert for omlag 10.mill i landbruket.

## Skog

I 2017 blei det avvirka 28 431 m<sup>3</sup> med tømmer i Vinje, ein auke på heile 12 000 m<sup>3</sup> frå året før. To gode grunnar for dette er auke i pris og ikkje minst at AT-skog styrka sitt skogbruksleiarapparat i Vest Telemark med ein person i 2017. Vi hadde óg ein markant auke i skogkulturaktiviteten også, men her er det rom for ytterlegare auke.

## Vilt

### Skrantesjuka (CWD)

Prionsjukdomen blei påvist fyrste gong i Europa og Noreg i 2016. Den største utfordringa nokon gong for hjorteviltforvaltninga i Noreg. Villreinjegerane på Hardangevidda blei i 2017 pålagde å ta prøver av alle skotne vaksne dyr med tanke på CWD. I den samanheng blei det arrangert eit infomøte i kommunen i samarbeid med villreinutval, mattilsyn og veterinærinstituttet. Heldigvis ingen positive prøver på Hardangervidda eller andre villreinområde i Vinje så langt. Elles er alle kommunane pålagde å ta CWD prøver av alt fallvilt (t.d. påkøyrde dyr) ein handterer, heller ikkje her fekk ein positive prøver. Vinje må vere budd på å ha eit apparat som handterer denne situasjonen i mange år framover.

### Fallviltordninga

Kommunen er pålagd å ha eitt apparat med tanke på handtering av fallvilt. I 2017 var det ein markant auke i oppdrag for kommunen sitt ettersøkspersonell. Dette heng saman med ein auke i bestanden av hjortevilt over fleire år og vêrtilhøva. Denne ordninga har fram til no blitt finansiert av kommunen sitt Viltfond, bygt opp av fellingsavgifter for elg og hjort. Fondet er no tomt! Her har kommunen ei utfordring som må løysast.

### Opprusting av Berunuten

Arbeidet med opprustinga og påbygg til hovudhuset på Berunuten starta opp i 2015. Oppussing av hovudhuset på Berunuten blei gjort så godt som ferdig i 2017. Eitt rom står att, og blir ferdig i 2018. I tillegg til løyvinga på 2,4 mill er det nytta midlar frå ramma til Næringskontoret.



### Kraftfond Møsstrond

Kraftfond –Møsstrond starta opp 01.01.17. Styret har hatt 2 møte. Det er ikkje utarbeidd retningslinjer i medhald av vedtektene for fondet. Vedtektene skal reviderast og retningslinjene vil bli utarbeidd i etterkant av denne revisjonen.

### Motorferdsel

Næringskontoret har det faglege ansvaret for motorferdslesaker i kommunen. I 2017 blei det utarbeid ei eiga lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag. Denne forskrifta blei vedteke av kommunestyret 22.06.2017. I forskrifta inngår mellom anna eit generelt forbod mot bruk av vannskuter. I tillegg til å ha det faglege ansvaret har næringskontoret vore med å handsame saker etter motorferdselslova. Totalt har det blitt handsama kring 650 søknadar om løyver i samband med motorferdsel i utmark. Ein har ikkje satt i gang arbeid med revisjon av dei kommunale retningslinjene for handsaming av søknader etter motorferdselslova då ein ventar på evalueringa av motorferdslova i kommunen som er satt i gong av ØPU.

### Spelemiddel knytt til idrettsråd/idrett

Næringskontoret har frå og med august 2017 overteke arbeidet med spelemidlar og arbeid knytt til idrettsrådet/idrett i kommunen. Dialog og rettleiing omkring spelemidlar til idrettslaga samt gjennomføring av møte i idrettsrådet og med fylgjande og sekretærarbeid har då vort utført frå næringskontoret.

## SKULE

Åmot skule	Rauland skule	Edland skule	Øyfell oppvekstsenter
------------	---------------	--------------	-----------------------

*Vinjeskulen* er tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Dei ulike skulane er godt fungerande organisasjonar med mange flinke tilsette. Det har i seinare år blitt meir fokus på ei felles overordna målsetting for alle skulane i kommunen gjennom omgrepet «Vinjeskulen».

#### Sitat Kommunebarometeret

*Åvgangskarakterene på 10. trinn i Vinje har vært omtrent middels de siste fire årene.*

*Resultatene i fjor var omtrent på samme nivå som snittet de siste fire årene.*

*Frafallet på videregående blant elever fra kommunen er omtrent på normalnivået. Ny statistikk kommer i slutten av mai. Frafallet økte en del fra 2010- til 2011-kullet (som ble talt opp i fjor).*

*34 prosent av elevene på 5. trinn de siste fire årene ligger på laveste mestringsnivå (av fem). Det er en litt høy andel, målt mot resten av Kommune-Norge.*

*Fra 8. til 9. trinn vil normalt andelen på laveste mestringsnivå bli halvert fra 8. trinn. I Vinje har 0 prosent ligget på laveste nivå de siste årene.*

*Statistikk publisert i fjor indikerer at skolene i kommunen bidrar en del mindre til elevenes resultater, enn det som er normalen.*

*En betydelig andel av lærerne i barneskolen som underviser i norsk, engelsk og matte, oppfyller ikke de nye kompetansekravene, ifølge statistikken.*

*På ungdomsskolen oppfyller de aller fleste lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning.*

*På 7. trinn sier 90 prosent av elevene at de trives godt. Andelen er ganske høy målt mot resten av landet.*

*Ifølge Elevundersøkelsen sier en god del av elevene på 10. trinn at de ikke trives godt. Det er et lite faresignal. I Norge sier 86 prosent av elevene at de trives godt.*

*Andelen elever i småskolen som får spesialundervisning er litt lavere enn i normalkommunen. Andelen er omtrent som for ett år siden.*

*På 5.-7. trinn får 6,7 prosent av elevene spesialundervisning. Det er ganske lavt målt mot mange andre kommuner.*

*På ungdomsskolen får 9,8 prosent av elevene spesialundervisning. Snittet for landet er 10,2 prosent.*

*Ingen elever på 1.-4. trinn får leksehjelp. Er det virkelig ikke interesse, eller er denne aldersgruppa bare nedprioritert?*

*På 5.-7. trinn er andelen som får leksehjelp i Vinje litt høyere enn snittet i Skole-Norge, som er på 29 prosent.*

*På ungdomsskolen er leksehjelp veldig mye brukt, målt mot resten av landet. Andelen i kommunen er på 44 prosent, snittet er 8 prosent.*

*Kostnadsnivå: Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Vinje er blant de høyeste i landet, og Vinje er på 407. plass.*

## Overordna mål i Vinjeskulane

- Faglege resultat i *Vinjeskulen* skal liggje stabilt over landsgjennomsnittet
- Elevar som syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin
- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø

## Satsingsområde

- Fokus på «Vinjeskulen» og samarbeidet på tvers av skulane
- Felles kompetanseheving for dei tilsette i Vinjeskulen gjennom Vurdering for læring
- Konstant arbeid med utfordringane kring ulike typer mobbing (nettmobbing, fysisk/psykisk mobbing, mfl)
- Førebyggjande arbeid iht vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitetar inne / ute som grunnlag for god helse
- Verdsarven inn i skulane
- God integrering av elevar frå andre kulturar

## Verdsarven i Vinjeskulen/barnehagen

Alle skulane og barnehagane i Vinje er no med i det interkommunale prosjektet som skal produsere eit pedagogisk formidlingsprogram for verdsarven i Vinje, Tinn og Notodden. Åmot skule er koordinator for dette arbeidet i Vinje, og han skal vere med som pådrivar i planlegging og formidling. Åmot skule har nyleg blive UNESCO-skule og kan i den samanhengen delta på veldig mange fagkonferanser rundt i heile verden om mellom anna Verdsarv. Det er eit ynskje at fleir av skulane får denne statusen. Vinje kommune har fått

Erasmus-midlar til lærar-utveksling, og representant for Åmot skule reiser allereie i februar til Italia for å lære meir om utnytting av potensialet for skular og barnehagar i Verdsarvkommunar.

Oppdraget går ut på at ein skal få inn meir læring for elevane/borna gjennom faste læreplanar retta mot Verdsarven på Rjukan/Notodden. Tanken er at elevane i Vinje, Tinn og Notodden skal kjenne godt til ulike viktige historiske hendingar som har skjedd i desse tre kommunane. Det vil særleg bli lagt vekt på vasskraft, utviklinga av industrisamfunna på Rjukan/Notodden. Ein vil også legge vekt på Møsvatn som kjelda til denne industrielle utviklinga, men også andre tema som tidleg busetjing osv. Det vil også vera naturleg at ein får inn ein del krigshistorie frå områda. Ulike historiske hendingar knytt til desse områda skal ein relatere mot kunnskapsløftet for skulen, ev. rammeplanen i barnehagane. Det er eit sterkt ynskje frå fleire av politikarane i Vinje at ein tydleg ser verdi av verdsarvarbeidet inn i Vinjeskulen/Vinjebarnehagen, sidan det blir gjeve økonomisk støtte til dette prosjektet. Viktig at ein får auka kunnskap rundt dei ulike tema gjennom dette arbeidet.


Barnehagen er ein viktig arena for å skape identitet og interesse for kulturarven. Difor fekk alle barnehagane i de tre verdsarvkommunane ei julegåve av prosjektleiaren Anne H. Wagn. Det var fem plakatar som er kopier av Theodor Kittilsens akvareller om Sam Eydes industriprosjekt.

### Vaksenopplæring

All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Dette gjeld grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevar på overgangsordning, og for dei som har rett og plikt til å få dette etter NIR - registeret. Introduksjonsordninga som er eit heiltidstilbod på 37,5 timar 47 veker i året, er no det vanlegaste opplegget. Alle som kjem inn under introduksjonsordninga har rett til to år og kan få tilbod om eit tredje år om dette kan vere med på å sikre vidare utdanning og eller jobb. Frå førre skuleår har elevtalet på vaksenopplæringa auka frå 28 til 30. Vaksenopplæringa er stadig viktigare og større del av drifta på Åmot skule. Me er stolte av at me får til god opplæring og integrering av flyktningane som kjem til Vinje.

### Elevtalsutviklinga

Elevtalet for Vinjeskulen har nedgang frå 2006/07 og fram til 2013/14. Utviklinga framover ligg rundt tala me har i dag og det kan sjå ut til at den negative trenden har bremsa noko opp. For skuleåret 2017/18 ligg elevtalet på 412 i Vinjeskulen.



### Mål og måloppnåing

- Faglege resultat i Vinjeskolen skal over tid liggje stabilt på landsgjennomsnittet (nasjonale prøver, grunnskulepoeng, mm)

Det kom ei ny mal for målindikatorar i 2015 på nasjonale prøver, så samanlikningsgrunnlaget er noko endra (reduisert). Vinjeskolen totalt sett er i betring, me ligg i dei fleste fag nært oppunder landsgjennomsnittet på nasjonale prøver. Resultata ligg nær det nasjonale nivået på ungdomstrinnet.

- Elevar som syner engasjement, kreativitet, og evne til å presentere kompetansen sin Vinjeskolen har mange arenaer der elevane får syne seg fram. Ein kan trekke fram ulike idrettsarrangement, open skule, avslutningar, teaterstykke, elevframsyningar, UKM og mange andre arrangement der elevane får syne fram engasjement, kreativitet og dugleik.

- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø

God helse er viktig for elevane si læring. Skulen dekkjer dette gjennom ulik fysisk fostring og vektlegging av sunn mat med frukt og grønt, skulelunsjen. Desse tiltaka saman med dei flotte uteområda på alle skulane er viktige element i arbeidet med godt læringsmiljø.

Det blir arbeidd aktivt med ulike tiltak som betrar elevanes læringsmiljø: Klasseleiing, fokus på borns psykiske helse, vurdering for læring (kompetanseheving for lærarane), anti-mobbe planar, vinterleirskule, Polen-tur, leirskule, skidag, energikampen ,joleball, Tine-stafetten, aktivitetsplanar, ulike program (zippys venner, Psykologisk fyrstehjelp, ART mm). Arbeidet med å få mest mogleg trygt læringsmiljø for alle elevane våre, er eit arbeid som skjer heile tida på dei ulike skulane. Me har også eit godt samarbeid med dei ulike barnehagane, noko som betrar sjansen for «tidleg innsats» for barn/elevar med ulike ekstra behov.

Me ser ut frå elevundersøkinga at det er viktig med eit sterkt fokus på å vidareutvikle læringsmiljøet for elevane i Vinjeskolen. Her er det viktig å fylgje opp elevundersøkinga på skulenivå med tilsett, elevråd, FAU, skulemiljøutval og samarbeidsutval.

Vinjeskolen har eit bra samarbeid med ulike faginstansar: helse, PPT, barnevernet.

## Utvalde KOSTRA-tal skule

	Vinje	Like	Tele- mark	Tokke	Tinn	Landet utan Oslo	Landet
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring pr. innbyggjar	359,0	89,0	391,0	1 220,0	245,0	259,0	277,0
Del elevar med spesialundervisning i %	8,3	9,5	8,1	5,2	7,4	7,9	7,8
Del av elevar i grunnskule som får tilbod om skuleskyss	51,5	41,0	22,7	41,8	42,9	23,0	21,3
Del av innbyggjarar 6-9 år i SFO	48,9	47,7	54,6	63,7	60,3	57,0	58,7
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor pr. elev	183 660,0	150 996,0	131 231,0	160 360,0	156 490,0	121 233,0	120 547,0
Driftsutgifter til undervisningsmateriale pr. elev	3168	2029	1533	2121	2184	1508	1486
Brutto driftsutgifter til skulefritidstilbod pr. kom brukar	26 171,0	30 477,0	31 098,0	35 332,0	30 074,0	29 107,0	29 916,0
Elevar pr. kommunal skule	103,0	118,0	210,0	126,0	124,0	223,0	235,0
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	40,9	..	40,7	44,1	42,2	41,4	41,4
Elevar med direkte overgang frå grunnskule til vg opplæring i %	97,8	98,0	98,2	100,0	98,8	97,8	97,7

## BARNEHAGE

Åmot barnehage med avd Vinje	Rauland barnehage	Edland barnehage	Øyfjell oppvekstsenter
------------------------------	-------------------	------------------	------------------------

Vinjebarnehagen er tre barnehagar og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule.

### Sitat Kommunebarometeret

*Endringer i metoden i Kommunebarometeret slår marginalt positivt ut. Vinje er blant de 100 beste på årets tabell. Bemanningen i barnehagene i Vinje er midt på treet. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. Snittet er 6 barn per årsverk. Ifølge tall fra Statistisk sentralbyrå var bemanningen en del bedre i Vinje i fjor.*

*Noen relativt få styrere og ledere i kommunale barnehager står uten godkjent utdanning.*

*37 prosent av ansatte i kommunale barnehager har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er på 36 prosent.*

*Andelen menn som jobber i barnehagene i Vinje er godt under snittet. Hva skal til for å nærme seg de beste kommunene?*

*78 prosent av barna med minoritetsbakgrunn går i barnehage, ifølge tallene. Det er midt på treet målt mot resten av landet. Snittet er 77 prosent. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og tal minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.*

*Over tid er statistikken ikke spesielt god målt mot resultatene ellers i Barnehage-Norge. 100 prosent av barnehagene i kommunen er registrert med lang åpningstid.*

*Barnehagene i kommunen har ifølge statistikken i snitt 46 barn. Snittet i Kommune-Norge er 48 barn.*

*92 prosent av barna har barnehageplass.*

*Vinje driver barnehagene dyrere enn de aller fleste andre kommuner.*

Kommunestyret har fatta vedtak om utbygging av Åmot barnehage. Barnehagen må drive i midlertidige lokale under utbygginga.

Gratis barnehage tilbud i avd. Vinje ut barnehageåret 2017/2018 har ikkje ført til at fleire førsette frå Åmot har søkt barnehageplass, det er 4 familiar som har benytta seg av tilbudet.

Barnehagane har etterkvart ei godt utdanna personalgruppe. Nokre av barnehagane manglar pedagogar for å klare å møte den nye kravet om to pedagogiske leiarar pr. avdeling. Det nye kravet er: 1 pedagog pr. 7 barn under 3 år, det gamle kravet var pr. 9 barn, 1 pedagog pr. 14 barn over 3 år, det gamle kravet var pr. 18 barn.

Fleire av barnehagane har klart å få fast tilsette til å starte på barnehagelærerutdanning, dette er eit tiltak som fungerer godt, det kostar mykje pengar, men det er ei investering, måten Vinjebarnhagen har funnet ut er vegen å gå får å få fleire med barnehagelærerutdanning i barnehagen.

Alle barnehagane treng kompetanse innan spesialpedagogikk for å kunne gje barn eit barnehagetilbod dei har utbyte av frå sitt funksjonsnivå. Nokre av barnehagane har ikkje dette på plass, men det blir arbeidd med å motivere tilsette pedagogar å ta slik vidareutdanning.

### Satsingsområde

- Felles lokal kompetanseheving for alle tilsette i Vinjebarnhagen
- Halde oppe fokuset på «Vinjebarnhagen» og samarbeidet på tvers av barnehagane
- Arbeide med språk som grunnlag for læring og som verktøy for all samhandling
- Førebyggjande arbeid i høve til vald i nære relasjonar
- Godt kosthald og aktivitet inne / ute er grunnlag for god helse



Barnehagane i kommunen har gode uteområde som gjev barn utfordringar og opplevingar. Dette gjev barn god utvikling både motorisk og i høve til meistring.

### Mål og måloppnåing

- Fokus på kvalitet og kompetanse

Vinjebarnhagen har lokal kompetansehevingsplan for 2017 – 2019. Her deltek alle grupper tilsette i kurs. Samarbeidet med Bro – Aschehoug og Vinjebarnhagen gjer at tilsette i

Vinjebarnehagen får heva kompetansen sin innanfor sentrale satsingsområdet som td innføring i Ny rammeplan.

Vinjebarnehagen jobbar aktivt med å få auka andel pedagogar inn i barnehagen. Det kom ei ny forskrift om bemanningsnorm i 2017, som fører til at det kjem krav om to pedagogiske leiarar pr. avdeling der det er 18 barn over 3 år, og der det er 9 barn under 3 år. Ikkje alle barnehagane i Vinje er i mål når det gjeld dette kravet.

Leiinga ved barnehagene deltek i samarbeidsmøte på tvers av fag både internt i kommunen og på tvers av Vest – Telemark kommunane. Dette set barnehagetilsette i stand til å yte tidleg innsats overfor enkelt barn og grupper av barn. Barnehagane i Vinje er opne for å vere læringsarena for studentar både frå vidaregåande og høgskulemiljøet. Dette gjev barnehagane også ny kompetanse.

Nyutdanna barnehagelærarar får rettleiing dei fyste 2 åra dei er i arbeid. Her samarbeider me med resten av kommunane i Vest – Telemark.

Vinjebarnehagen ynskjer å ha brukarundersøking annan kvart år. Me valde å bruke UDIR si brukarundersøking i 2017. Kvar enkelt barnehagen jobbar med resultatet av denne.

Området me vel å ha ekstra fokus på etter brukarundersøking 2017: ( jmf driftsmål 2018)

- Barnehagen skal legge til rette for det enkeltes barns utvikling
- Gode relasjonar mellom barn og vaksne
- Barn som trivst
- Barnehagen skal arbeide for å sikre foreldras medverknad
- God informasjon ut til foreldre
- Styrke barnehagen som læringsarena

Tilsette i Vinjebarnehagen er medvetne den viktige rolla dei har iht at barnehagen i dag er starten på kvart barn sitt utdanningsløp. Barnehagen skal tilby innhald og miljø som skal gje barn tru på at dei kan lære. Å ha fokus på tidleg innsats medfører å setje i verk tiltak og søkje rettleiing medan ein ventar på andre faginstansar. Dette får leiarane i Vinjebarnehagen gode tilbakemeldingar om frå andre faginstansar. Leiken står sentralt i all læring i barnehagealderen. Dette har barnehagane hatt fokus på gjennom året.

God helse er viktig for barns læring. Barnehagane set dette på agendaen gjennom å vektlegge servering av frukt og grønt, fisk og anna sunn mat.

Dette saman med gode uteområdet og fokus på fysisk aktivitet er viktige element i dette arbeidet.

Rauland barnehage har bading ein gong i veka saman med førskulegruppa gjennom heile året, slik at dei blir trygge i vatnet, nokon lærer seg og symje.

Avd. Vinje har tatt del i eit forskingsprosjekt i regi av Universitetet i Agder. Dette har vore retta mot barn fødte i 2016 og handlar om å gje barn gode matvanar og la dei få smake på

nye ting i eit «regime» forskerane har sette opp. Dette, saman med gode uteområde er viktige element i dette arbeidet.



- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap

Barnehagane har handlingsplan mot mobbing i barnehagen. Denne planen blei rullert i 2016. Det blir arbeidd aktivt med det sosiale samspelet mellom barn. Ulike program blir nytta, så som: «du og jeg og vi to», «være saman», «steg for steg». Arbeidet med å få dette inn i det daglege arbeidet er eit arbeid som stadig går føre seg i dei ulike avdelingane.

Der det er barn med annan kultur og anna morsmål blir det arbeidd med å gjere barna i barnehagen nysgjerrig på det som er nytt, lære nye ord osv.

- Alle barn i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår

Vinje kommune har vedteke «plan mot vald i nære relasjonar». Barnehagane jobbar aktiv med å førebygge vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep. Barnehagane i Vinje er gode på å ha dette som tema på foreldremøte og ulike andre møte i barnehagen. Me har fokus på at barn skal lære seg kva eit overgrep er, kva som er lov og ikkje, at det er aldri deira feil, at dei må sette grenser for eigen kropp, «min kropp eig eg».

Barnehagane i Vinje har gode uteområdet. Dette, saman med å nytte seg av nærmiljøet, er med på å gje barn motoriske utfordringar som igjen gjev læring og meistringsglede.

Overgang frå barnehage til skule kan vere stor for mange barn. Overgangsplanen Vinje kommune har, «frå eldst til yngst», gjev rom for gode samarbeidsrutinar mellom tilsette i

barnehage og skule. Vidare gjev denne planen barna gode førebuingar til å møte den «store verda» utanfor barnehagen.

Vinjebarnehagen har gode mogelegheitar for å tilpasse aktivitetar inn og ute til kvart enkelt barns behov og funksjonsnivå. Dette takka vere satsing på barnehagedrift frå politisk hald, og at Vinjebarnehagen har hatt høve til å heve dei tilsette si kompetanse, og i dag har mange dyktige medarbeidarar.

#### Verdsnsarv i skule og barnehage

Alle skulane og barnehagane i Vinje er no med i det interkommunale prosjektet som skal produsere eit pedagogisk formidlingsprogram for verdsarven i Vinje, Tinn og Notodden. Halvor Otterholt på Åmot skule er koordinator for dette arbeidet i Vinje, og han skal vere med som pådrivar i planlegging og formidling. Åmot skule har nyleg blive UNESCO-skule og kan i den samanhengen delta på veldig mange fagkonferanser rundt i heile verden om mellom anna Verdsarv. Det er eit ynskje at fleir av skulane får denne statusen. Vinje kommune har fått Erasmus-midlar til lærar-utveksling, og Otterholt reiser allereie i februar til Italia for å lære meir om utnytting av potensialet for skular og barnehagar i Verdsarvkommunar.

#### Utvalde KOSTRA-tal barnehage

	Vinje	Like	Tele- mark	Tokke	Tinn	Landet uten Oslo	Landet
<b>Del av barn 1-5 år med barnehageplass i %</b>	92,0	90,6	91,5	85,0	100,8	91,8	91,3
<b>Del minoritets-språklige barn</b>	11,4	14,3	16,1	15,1	19,6	15,5	17,3
<b>Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen</b>	215 286	197 361	198 939	286 814	215 108	194 970	196 886
<b>Del av styrarar og pedagogisk personale med godkjent barnehagelærarutdanning</b>	89,3	90,7	94,8	93,8	96,9	91,9	91,3

## HELSE, OMSORGS - OG SOSIALTENESTER

### Vinje helse- og omsorg

Den økonomiske situasjonen i helse og omsorg har hatt stort fokus dette året; politisk, administrativt og innom ulike tenestemåte. Dette som fylgje av økonomiske utfordringar av varierende omfang over år. 2016 resulterte i eit større underskot, og situasjonen forverra seg ytterlegare i 2017. Det har vore behov for å ta grep. I 2017 har fokus vore retta mot å analysere kostnads- og inntektselement i eininga, og å finne fram til mogelege tiltak for å redusere driftsutgiftene i åra framover. Analysen førte til at eininga fekk tilført midlar til ramma gjennom året, slik at utgangspunktet for driftsreduksjonar frå 2018 blei reelt.

Kostnadsreduserande tiltak er gjennomført i 2017 og planlagt for inn mot budsjett 2018, i form av nedbemanning, omstilling og reduksjon i tenester. Parallelt har ein halde stillingar vakante.

### Helse og omsorg

#### Sitat Kommunebarometeret

*Vinje er helt i toppsjiktet i sektoren. Legedekningen i Vinje er høy. Kommunestørrelse har stor betydning på dette punktet.*

*Det er ledig plass på 60 prosent av fastlegelistene.*

*Vinje har 650 jordmødre per 10.000 fødte barn. Dekningen er ganske god målt mot resten av Kommune-Norge.*

*Dekningen av helsesøster er noe bedre enn normalen.*

*Få andre kommuner har så mange ansatte med videreutdanning innen psykisk helsearbeid, målt mot tal innbyggere. Har Vinje noe å lære bort til andre hva gjelder rekruttering på feltet?*

*Fire av fem elever hadde helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn. Snittet er 87 prosent.*

*Alle nyfødte hadde ifølge statistikken hjemmebesøk innen to uker etter fødselen i fjor. Landsgjennomsnittet er på 86 prosent.*

*En del av 9-åringene i kommunen er ikke vaksinert mot meslinger, ifølge statistikken. Kan kommunen bidra til at andelen vaksinerte øker?*

Helse, omsorg og sosiale tenester omfattar eit mangfald av tenester kommunen har ansvaret for – overfor alle aldersgrupper. Fokusområde spanner frå førebygging til behandling, omsorg og lindring. Ansvaret er lagt til einingane Helse og omsorg, Nav og

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark. Tenestene er lovpålagte. Dei fleste tenestene er organisert lokalt og i kommunen, på nokre område samarbeider ein med andre.

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark, Tokke-Vinje legevakt og Kommunale Akutte - Døgnplassar for Tokke og Vinje er døme på det.

### Overordna målsetting

Kommunen sine helse- og omsorgstenester skal bidra til god helse og førebygge sjukdom. Målet er flest mogleg gode levekår for alle, og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Det krev heilskapleg og førebyggjande tenking i alt folkehelsearbeid og all tenesteyting.

Verksemdsplanen for Helse og omsorg har fylgjande mål:

*"Helse- og omsorgstenestene skal evne å tilpasse seg endra krav og føresetnader som fylgje av den utvikling som skjer i tenestene."*

Det overordna kvalitetsmålet for tenestene er at dei skal vere:

- verknadsfulle
- trygge og sikre
- samordna og prega av kontinuitet
- tilgjengelege og rettferdig fordelt
- involvere brukarar til deltaking og medverknad
- ha god ressursutnytting

Desse kvalitetsmåla er det mogleg å planlegge teneste utifrå, og treffer godt - sett i høve til både nasjonale og lokale mål for tenesteutvikling.

Helse og omsorgstenester krev stor grad av samarbeid, - på tvers av fag og avdelingar internt i kommunen, men og på tvers av forvaltningsnivå.

Kommunestyret vedtok organisering av Helse -og omsorgstenestene frå 01.01.2013 for å understøtte dei endringane som skjer i helse og omsorgstenestene.

I september 2017 vedtok kommunestyret kommunedelplan for helse og omsorg i Vinje kommune for perioden 2017 – 2030. Planen gjev retning for den satsing som skal skje i tenestene i åra som kjem.

## Legeteneteste/legevakt (legekontora i Vinje og Tokke/Vinje legevakt)

### Fastlegeordninga

Pr 18/1-18 har 3648 personar fastlege i Vinje. I fjor på same tid var talet 3660, året før 3606. Det er totalt 4200 plassar på fastlegelistene i Vinje, dvs. at det er 552 ledige plassar. Til legekantoret i Åmot er det knytt tre fastlegar, turnuslege og tilsynslege held også til her. Edland legekantor har ope tre dagar i veka, fastlegen her arbeider i Åmot dei andre to dagane. På Rauland legekantor er det ope fire dagar i veka, legen arbeider i Åmot kvar onsdag. Alt personell ved legekantora er å sjå på som ei gruppe med ulike arbeidsstader. Det er felles turnus for alt hjelpepersonell, inkl sjukepleiarar på legevakt.

## Legevakt

Kommunens ansvar for legevakt er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (gjeldande frå 2012). I § 3-2 står det om kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester. Kommunen skal tilby legevakt, som ein heildøgns medisinsk akuttberedskap og er ein del av den medisinske nødmeldetjenesta.

Legevakt er ei beredskapsteneste. Det inneber å vera tilgjengeleg, både i høve til bemanning, fagleg kompetanse, teknikk og utstyr. Mykje av kostnadane er knytt til å vera operative, i tråd med faglege krav og standarder. Innbyggjarane skal vera sikra å få øyeblikkeleg når behovet inntreffer.

Fokus i 2017 vore tilpassing til den nye akuttmedisinforskrifta. Frå 1 januar innførte legevakta bakvakt for legar som ikkje innehar den kompetansen forskrifta stiller krav om. Ein har erfart gjennom året at behov for bakvakt endrar seg. Når ordninga starta var det 7 legar i vaktordninga som kunne vera bakvakt og 2 som måtte ha bakvakt. Ved slutten av året er det 5 legar som har naudsynt kompetanse og er bakvakt, og 4 legar i vaktkorpset treng bakvakt. Ordninga medfører ein auka vaktbelastning for legane som er bakvakt og utgjør ein kostnad for kommunane. Me har likevel god erfaring med ordninga. Det er ei god ordning for dei som treng bakvakt, og den vert nytta ved behov. Legane er fleksible og byttar innbyrdes dersom oppsett vakt ikkje passar.

Sju av sjukepleiarane på legevakt gjennomførte våren 2017 det pålagte akuttmedisinkurset. Alle legane har gjennomført kurset. E-læringskurs i Volds- og overgrepshandtering skal gjennomførast av alle innan mai 2020. I 2017 har ein legevikar tatt kurset. Alle nytilsette får naudsynt nødnettopplæring. Nytt frå hausten 2017 er at denne opplæringa er ein del av det obligatorisk akutt-kurset for turnuslegar.

Vaktlista vert sett opp for 10 veker og skal vera klar 4 veker før gjeldande vaktliste går ut. Vaktlista fylgjer ein fast turnus, der alle har like mange vakter. Det er 10-dela vakt. I legevaktavtala mellom Tokke og Vinje kommune er det sett opp ei vaktfordeling basera på folketalet i kvar kommune. Vinje skal dekke opp 60% av vaktene og Tokke skal dekke 40%. I praksis vart dette endra i 2015.. Frå den tid har Vinje hatt sju legar i vaktordninga og Tokke har hatt tre, dvs ein 70/30% fordeling.

### *Vaktfordeling:*

År	Vinje		Tokke		Totalt
Tal		%	Tal	%	
2013*	195	65,2	104	34,8	299
2014	252	68,3	117	31,7	369
2015	242	65,9	126	34,1	369
2016	253	68,4	117	31,6	370
2017	253	68,6	116	31,4	369

\*Manglar ei vaktliste frå 2013

## Utviklingstrekk

## Tal på dei som vender seg til l legevakta totalt i perioden fom 2009 tom 2016

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Antal henvendingar</b>	5519	5051	7355	6325	6163	5731	5744	6108	5773

Tendensen er som beskrive tidlegare år; travlare vakter i helger og høgtider og fleire rolege kveldar i vekene. Det er merkbar at Vinje er ein turistkommune. Me tek høgde for den auka pågangen med å setje inn fleire ressursar på legevakt når det er forventet auke i befolkningsgrunnlaget, spesielt i Vinje. I påska har det gjennom fleire år vore to legar på vakt dei fire travlaste vaktene (skjærtorsdag, langfredag, påskeeftan og 1. påskedag). Desse vaktene, samt palmehelga har me hatt ein ekstra sjukepleiar på midtvakt. I 2017 vart det i tillegg sett opp midtvakt for sjukepleiar helga i vinterferien og alle vaktene i jule-og nyttårshelga inkl romjøl. Kommunen har ansvar for å gje øyeblikkeleg hjelp til alle som befinn seg i distriktet og ein må tilpasse bemanning for å kunne gje forsvarleg helsehjelp.

## Fordeling av pasientar geografisk

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
<b>Tokke</b>	25 %	23,9 %	29,4 %	25,6 %	24,8 %	23,5 %	23,1 %	21,64 %
<b>Vinje</b>	58 %	56,5 %	55 %	54,2 %	51,3 %	53,1 %	50,5 %	49,03 %
<b>Gjest</b>	17 %	19,6 %	15,6 %	20,2 %	23,9 %	23,4 %	26,4 %	29,32 %

Fordeling av pasientar talmessig og prosentvis siste 4 år på *kveld og helg*

	2013		2014		2015		2016		2017	
	tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%	tal	%
<b>Tokke</b>	1305	26,3	1095	24,9	1104	25,5	1101	24	889	20,8
<b>Vinje</b>	2591	52,2	2397	54,4	2197	50,7	2241	48,8	2278	53,3
<b>Gjest</b>	1069	21,5	910	20,7	1032	23,8	1247	27,2	1110	25,9
<b>Totalt</b>	4965		4402		4333		4589		4277	

Det har dessverre visa seg at statistikk på natt frå Tinn har vore feil. Det er ikkje mogleg å få ut av statistikken kor mange gjestepasientar som har kontakta Tokke/Vinje legevakt på natt. På natt i 2017 har det utifrå statistikken frå Tinn vore 357 henvendingar totalt, i snitt 1,0 pr natt. Dette er ein nedgang frå tidlegare år (2014: 573/1,6, 2015:533/1,5, 2016: 506/1,4). Nedgang kan kanskje forklarast med feilføring tidlegare år, men det er for usikkert til at ein kan sjå ein tendens eller finne ei forklaring.

Det var i 2016 oppstart av ei arbeidsgruppe for å sjå på ulike modellar for samarbeid mellom legevaktene i Vest-Telemark. Modellane inneheldt heile spekteret for samarbeid: frå dagens

ordning med to interkommunale legevakter utan samarbeid til ei felles legevakt i Vest-Telemark. Bakgrunn var den nye akuttmedisinforskriften. Arbeidet vart avslutta i august i fjor utan at kommunane kom til einigheit om ein modell for samarbeid. Representantane frå Vinje ynskte ikkje å endre på dagens organisering av legevakta utifrå ei heilhetleg vurdering av kva me meiner er det beste legevakttilbodet for kommunen sine innbyggjarar og alle som befinn seg i kommunen, beredskap, vaktbelastning for legane våre og eit økonomisk perspektiv.

### Laboratorieteneste

Det har gjennom fleire år vore ein klar tendens til at laboratoriearbeidet ved Vinje legekontor er aukande. Stadig fleire kjem til fastlege for å få tatt blodprøver både før avtaler på poliklinikk og innlegging på sjukehus. To KAD plassar på sjukeheimen er eit alternativ til sjukehusinnlegging. Desse krev dagleg legetilsyn og hyppige blodprøver. Laboratoriet i Åmot analyserer fleire prøver frå Rauland og Edland legekontor. I tillegg er det fleire pasientar som kjem til Åmot for konsultasjon hos diabetessjukepleiar, KOLS-kontakt og jordmor, desse tek alle prøver i Åmot. Fleire som har fastlege på Rauland og Edland nyttar laboratoriet i Åmot når dei skal ta prøver og ikkje har legekonsultasjon samtidig. Bemanning på laboratoriet må vurderast kontinuerleg. Bemanning er på noverande tidspunkt heilt marginal. Det er fast to på laboratoriet kvar måndag. Ellers er det kjøpt inn eit EKG apparat på behandlingsrom og spirometri apparat er flytta dit. Dette avlastar noko.

### Røntgen

Det er som tidlegare år radiolog i inntil 10 % stilling som tek planlagte bilete av pasientar frå Vest-Telemark. Tilvising til røntgen i Vinje vert sendt på vanleg måte til radiologisk avdeling ved Notodden. Dei sender ut innkalling og set opp avtalebok. 4

Det er pr i dag 6 fastlegar i legevaktdistriktet med godkjent opplæring som kan ta røntgenbilete. På dagtid er 3 av desse i Åmot og kan benytte apparatet også på dagtid. Det tatt 35 bilete på dagtid og 61 bilete på legevakt i 2017. Tal frå året før var 35/59.

### Heimeside

På slutten av året starta arbeidet med å utforme eiga heimeside ved hjelp av «Helserespons». Jf. Fastlegeforskriften §21 skal fastlegane kunne motta timebestilling elektronisk. Det har me hatt mogleghet for i fleire år men tenesta har ikkje vore tilgjengeleg nok, jamf undersøking av Forbrukarrådet. No abonnementet utvida og det er oppretta eit eige domene på internett: [www.vinjelegkontor.no](http://www.vinjelegkontor.no) Der kan pasientar bestille legetime og fornye resept elektronisk. Det ligg også eindel infomasjon på sida. Tenesta kan ein òg laste ned som ein app på smarttelefon.

## Førebyggjande arbeid

Det førebyggjande arbeidet i høve til ulike aldersgrupper har fått auka fokus dei seinare åra, styrkt gjennom Folkehelselova frå 2012. Helse omsorg og sosiale tenester arbeider førebyggjande i høve til alle aldersgrupper.

Arbeidet omfattar alt frå fødsselførebuande arbeid, helsestasjonsarbeid, ungdomshelsestasjon, råd og rettleiing, frisklivs- og meistringstilbod i høve til ulike aldersgrupper og tema, rusførebyggjande arbeid osv.

I helsesystemtenesta har foreldrestøttande tiltak stort fokus, og det er fokus på dette gjennom prosjektarbeid.

**Frisklivssentralen** har gjennomført kurs ved Frisklivsresept, KID-kurs retta mot personar med lettare psykiske lidingar, Bra-Matkurs, fallførebyggjande kurs mm. Gruppeaktivitetar retta mot ulike målgrupper har hatt ca.110 deltakarar i veka. Ulike faggrupper bidreg med sin kompetanse inn i dette arbeidet. Frisklivssatsing mot den eldre delen av innbyggjarane er samla under omgrepet seniortiltak.

## Fysioterapi

### Prioriteringsnyklar

Det har i 2017 blitt utarbeidd prioriteringsnyklar for fysioterapeuter med driftstilskot, kommunale fysioterapeutar og ergoterapeutar. Dette er viktige verktøy for å sikre lik prioritering av pasientar uavhengig av bustad, kjønn og sosial status, og for å sikre at prioriteringar er i tråd med lovverk, nasjonale og lokale føringar og yrkesetiske retningslinjer.

### Ergoterapi

Ergoterapi er ei relativt ny teneste i kommunen, som supplerar det tverrfaglege arbeidet knytt til rehabilitering og rehabilitering, og deltek også i frisklivssatsing. Ergoterapeutane har starta på arbeidet med å få ei oversikt og systematisere drift av den kommunale hjelpemiddelformidlinga.

### Rehabilitering

Mykje av den tverrfaglege rehabiliteringa sjukeheimens korttidsavdeling. Det har jamt over vore behov for dagleg fysioterapi og til tider også ergoterapi i avdelinga. Det er og ein klar tendens til at pasientar kjem så tidleg tilbake frå sjukehus etter skade/sjukdom at dei har trong for fysioterapi to gonger om dagen den første tida dei er innlagt. Dette stiller store krav til avdelinga i forhold til fleksibilitet ved fråvær hos terapeutane.

Vinje kommune søkte på og fekk midlar til prosjektet «Pasienten sin eigen rehabiliteringsprosess». Prosjektet går ut i 2018. Avdelinga er sentrale i dette prosjektet og har brukt mykje tid på mellom anna utarbeiding av metodebok (systematisering av prosessen og bruk av felles kartleggingsverktøy), kompetanseheving i dei ulike avdelingane.

Det er framleis behov for å bruke tid på å løfte rehabiliteringstankegangen og verdisettet i kvardagsmeistring for å sikre at alle i eininga har ei felles forståing av kva rehabilitering er og når det skal iverksettast rehabilitering.

### Friskliv og meistring - Lærings- og meistringskurs



Det er gjennomført Kols-kurs over 8 veker med oppstart i januar 2017. 11 deltakarar som alle gjennomførte kurset. Kurset er tverrfaglig med fleire andre faggruppar. Alle deltakarane oppnådde høgare resultat på retest både fysisk og også på CAT-( korleis har eg det med min KOLS.) Avslutninga på kurset var ein topptur, der alle deltakarane kom seg opp med god støtte i kvarandre, medbrakte kvilestolar og fagpersonane som var med.

### Grupper på kveldstid og samarbeid med det friviljuge

Frisklivssentralen har i 2017 9 lavterskeltilbod i veka, 7 på dagtid og 2 på kveld (med innleidde instruktørar). Veldig bra oppmøte, varierer frå 7-20 deltakarar på tilboda på dagtid, cirka 15 på kveldstilboda . Babysymjinga hausten 2017 hadde 14 deltakarar. Seniortrim er nå ein gong i veka både på Rauland, Edland og i Åmot med eit snitt på rundt 19 deltakarar pr gruppe. Totalt sett har cirka 130 deltakarar i veka, delteke på våre grupper.

### Trening på resept

Det har blitt gjennomført to rundar med trening på resept med til saman 24 deltakarar.

### Samarbeid med det friviljuge

Avdelinga har bidrege med rettleiing av friviljuge og innleigde i Frisklivssentralen ved behov.




Utetrening på Rauland

### Fysioterapi i Helsestasjons- og skulehelsetenestesta

Det er innført faste helsestasjonsdager ein gong i månaden på Edland, i Rauland og i Åmot. Dette er gjort i samråd med helsesystrane og det gjerast slik at dei fyller opp med aktuelle barn/ungdommar på dagane og fysioterapeut kallar inn.

Det er gjennomført 3 mnd kontroll på alle borna i kommunen. I tillegg har tenesta tatt i mot barn som er tilvist frå skule, barnehage, helsesyyster, lækjar osv. Fysioterapeut er fast medlem i småbarnsteamet.

### Helsestasjon og skulehelsetenestesta



#### 0-5 år

Det er fødd 27 born i 2017. I Vinje har vi i 2017 hatt helsestasjon i Åmot, Rauland og Edland. Helsesyyster, lege og fysioterapeut er knytt til kvar helsestasjon, og ein samarbeider også nært med tenesta for psykisk helse og jordmor. Jordmor har no fast rutine på tidleg heimebesøk i tillegg til helsesyyster. Frå 1.januar 2018 vert jordmortenesta organisert i ein vertskommunemodell, der Kvitseid, Seljord, Fyresdal og Vinje vert med, og Vinje har vertsfunksjonen. Ein samarbeider med andre instansar ved behov,- som barnevern, BUP, familiekontor, PP-teneste, tannhelse og rehabiliteringstenesta.

## 5-20 år

Skulehelsetenesta skal i samarbeid med skulens personell, elevvar og føresette skape ein helsefremjande skule gjennom å fremje godt lærings-og arbeidsmiljø med fokus på helse, trivsel og sikkerhet. Skulehelsetenesta i Vinje vert gjennomført i tråd med rettleiar for skulehelsetenesta. I skulane i Vinje har vi dag 405 elevvar.( Åmot 155, Rauland 114, Edland 89 og Øyfjell 47.)

Skulehelsetenesta i Vinje er ei tverrfagleg teneste, der helsesyster, psykisk helse og fysioterapeut deltek. Helsesyster har i 2017 hatt fast trefftid ved alle skulane, og har elles delteke i undervisning og grupper. Ein har ansvar for å fylgje opp elevvar med særskilte behov, og deltek og evt. koordinerer ansvarsgrupper. I 2017 har helsesystertenesta hatt ei aktiv rolle i ansvarsgrupper, både som deltakar og koordinator.

## 16-24 år

Helsestasjon for ungdom: Dette er eit lågterskeltilbod som er viktig i det primærførebyggande arbeidet i kommunen. Åpningstida for helsestasjon for ungdom(HFU), er kvar måndag frå kl 15.00 til 16.00. Ein måndag i mnd er også lege tilgjengeleg. Det er høve til å ta kontakt utanom åpningstida, og ein legg til rette for at ungdom kan koma utover den faste åpningstida, og i tillegg telefonar og SMS.

To i helsesystergruppa har i 2017 arbeidt i HFU, og begge har kompetanse innan seksuell helse og har rekvisisjonsrett iht hormonell prevensjon. Det er gjeve opplæring i bruk av langtidsvirkande prevensjon.

## Barneteam

Barneteamet i Vinje er sett saman av representantar for helsestasjon, psykisk helse, fysioterapeut , skule og barnehage. Andre fagpersonar kallas inn ved behov. Målet med arbeidet i barneteamet er å løyse vanskane til barnet og familien på lågast mogeleg nivå, og tidleg innsats er viktig. Tiltak som COSP og Tibir vert nytta som veiledning til enkeltpersonar, par og grupper. Teamet har i 2017 hatt faste møter kvar mnd og hatt ein auke i innmelde saker. I oktober hadde barneteam og ungdomsteam felles arbeidsseminar. Tema for seminaret var vidareutvikling av teamarbeidet og fokus på tverrfagleg foreldrerettleiing.

## Ungdomsteam

Ungdomsteamet i Vinje vart etablert i mars 2015, og er eit ressurs- og kompetanseteam på tvers av faggrupper i kommunen. Teamet er eit lågterskeltilbod for ungdom og vaksne. Teamet kan handsame enkeltsaker eller fellestendens i ungdomsmiljøet. Medlemer i teamet er helsesyster, psykisk helse, SLT-koordinator og NAV. Ein legg vekt på nært samarbeid med andre instansar,- som t.d. politi, barnevern og skulane.

## Sjukeheim, omsorgssenter og heimetenester

### *Sitat Kommunebarometeret*

*Vinje er blant de 100 beste på årets tabell. 78 prosent av de ansatte i pleie og omsorg i Vinje har fagutdanning. Det er litt bedre enn i normalkommunen. Landsgjennomsnittet er på 74 prosent. Andelen er omtrent uendret det siste året.*

*Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov. I Vinje er det 79 prosent som er i denne kategorien. Snittet er 76 prosent.*

*Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen litt flere plasser avsatt til demente enn i normalkommunen. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sykehjem er demente. I Vinje er 62 prosent av plassene ment for demente. Denne dekningsgraden er litt lavere nå enn for ett år siden. Det kan være litt tilfeldige svingninger, men det kan også indikere at det blir flere gamle på sykehjem, uten at kommunen øker kapasiteten hva gjelder plasser for demente.*

*Kommunen har ikke veldig mange plasser avsatt til korttidsopphold. De beste kommunene ligger på 60 prosent. Vinje ligger på 16 prosent.*

*Tiden med lege på sykehjem falt betydelig i fjor. Tilbudet er nå på 45 minutter i uka per beboer.*

*Målt per beboer er det tilbudet av fysioterapeut på sykehjem noe av det beste i landet. Kommunen ligger på 70 minutter, snittet i Kommune-Norge er 25 minutter.*

*95 prosent av rommene på sykehjem er regnet som moderne enerom. I Kommune-Norge er andelen på 84 prosent.*

*Nesten alle vedtak om hjemmetjeneste blir satt i verk innen 15 dager, ifølge tall fra Helsedirektoratet.*

*Ifølge Helsedirektoratet kom alle utskrivningsklare pasienter fra Vinje tilbake til hjemkommunen samme dag som de ble utskrevet fra sykehuset. Mange kommuner har god statistikk her.*

*Målt mot hvor mange gamle som bor hjemme, er andelen registrerte trygghetsalarmer midt på treet.*

*Ifølge tall fra Helsedirektoratet er det 82 prosent av de med funksjonshemninger, som får bistand til å delta i arbeid og studier. Snittet i Kommune-Norge er på 76 prosent. De beste ligger på 96 prosent.*

*Kommunene skal gi et tilbud til funksjonshemmete også utenom arbeid og studier. I Vinje er det 78 prosent som har fått oppfylt sitt behov. Andelen er høy målt mot resten av landet. Snittet i Kommune-Norge er 60 prosent. De beste ligger på 85 prosent.*

*Innen pleie og omsorg er kommunen blant de dyrest drevne i landet.*

## Sjukeheimen

Vinje sjukeheim har i no tre hovudfunksjonar; Øyeblikkeleg hjelp døgnplass for Tokke og Vinje, Korttidsavdeling og langtidsavdeling langtidsavdeling, som også omfattar plassar tilrettelagt for demente.

### Øyeblikkeleg hjelp døgnplass

Øyeblikkeleg hjelp døgnplass er ein beredskapsteneste, relativt ny oppgåve for kommunane, og er del av samhandlingsreforma. Målet er at pasientar som kommunen kan gje eit fagleg forsvarleg tilbod lokalt, skal behandlast lokalt, i staden for å blir lagt inn i sjukehus. Frå opning i desember 2013 til 01.01.2017 var målgruppa somatikk. Frå 2017 er det kommunale ansvaret utvida til også å omfatte rus og psykiatri. Utvidinga av ansvarsområdet har ikkje medført særlege utfordringar.

Vinje driver tilbodet på vegne av Tokke og Vinje kommunar, og har sett av to plassar til føremålet. Frå oppstart til no har det vore ei gradvis vekst i bruken. Det er lege som vurderar om opphald ved øyeblikkeleg hjelp døgnplass er naudsynt og rett tiltak, dette i samarbeid med sjukepleiar i avdeling. Tilbakemeldingane frå brukarane er positive. I 2017 blei det registrert totalt 309 overnattingsdøgn i tilbodet.

### Korttidsavdeling

Korttidsavdelinga har sju plassar. Tre av desse er dedikert rehabilitering.

Rehabiliteringsfunksjonen tek stadig større plass i den kommunale tenestekjeda, som del av overføring av ansvar til kommunane. Korttidsavdelinga i sjukeheimen har ei viktig rolle i overgangen mellom sjukehus og heim. Nokon rehabiliteringsforløp er kortvarige, medan andre kan ta fleire månader.

Korttidsavdelinga tek også imot pasientar med behov for behandling for ulike sjukdomar, og i nokon grad avlastning.

For å sikre god flyt i tenestekjeda, er det viktig med god av styring av korttidsplassane, for å sikre tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus. Kommunen har heller ikkje i 2017 hatt utgifter knytt til overliggarar i sjukehus. Det er berre i somatikken betalingskrav er innført.

Talet på utskrivingar etter korttidsopphald ved sjukeheimen synleggjer aktivitet. Inklusive overføring til langtidsopphald og dødsfall er 125 pasientar utskrivne, eksklusive desse er talet 105.

### Langtidsavdelinga har fire funksjonar

Vesleheimen som er ei skjerma eining med sju plassar, Furuly tilrettelagt for demente med 6 plassar og Midtstoga og Solheim som til saman har 19 langtidsplassar. I 2017 blei det vedtatt lokal forskrift som skal sikre at personar med rett til sjukeheimsplass, får dette.

For å få hjelp til å implementere nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring har Vinje sjukeheim deltatt i læringsnettverk i regi av Helsedirektoratet og pasientsikkerhetsprogrammet. Sjukeheimen har gjennom dette tverrfaglege arbeidet gjort grep for systematisk å kartlegge pasientars ernæringsstatus.

Etisk refleksjon er også eit av satsingsområda i avdelinga.

Hausten 2017 vedtok kommunestyret å etablere dialyseining med plass for tre dialysetolar. Med dette blei talet på langtids plassar ved avdeling Solheim redusert med to, til fem plassar. Budsjettvedtaket med innsparingstiltak for 2018 inneber at sjukeheimstilbodet reduserast ytterlegare, ved at dei resterande plassane i denne avdelinga blir lukka. Sjukeheimen vil frå 2018 ha 25 plassar avsett til langtidsopphald.

Samla sett har sjukeheimen hatt belegg på 78,10%. Dette er noko lågare enn det har vore dei seinare åra. Noko av forklaringa er at ein lukka plassar for å førebu oppstart av dialyse, og trappa ned inn mot årsskiftet for å førebu lukking av plassar.

Korttidsavdelinga som er inkludert i det samla talet, hadde beleggprosent på 52,48%. Det låge talet skuldast primært ein svært roleg sommar.

### Førebygging og behandling av underernæring ved sjukeheimen



For å få hjelp til å implementere nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring har Vinje sjukeheim deltatt i læringsnettverk i regi av Helsedirektoratet og pasientsikkerhetsprogrammet. Det blei satt ned eit tverrfagleg team som besto av kjøkkenvert, hjelpepleiar, sjukepleiar og tilsynslege. På bilete presenterer teamet arbeidet til andre deltakarar i læringsnettverket.

## Heimebaserte tenester

### Øvre, Ytre og Rauland distrikt, inklusive Norheimstunet og Rauland omsorgssenter

Ved utgangen av 2017 var det registrert 169 pasientar som mottok heimesjukepleie og eller praktisk bistand (heimehjelp) i kommunen. Dette er fordelt på 67 menn og 102 kvinner. Talet omfattar bebuarar ved Norheimstunet og Rauland omsorgssenter.

Det er små variasjonar i tala her frå år til år. Eit utviklingstrekk er at heimebuande kan motta, og mottek meir omfattande bistand heime.

Vinje sin geografi, med store avstandar og påverkar kostnadsbiletet i heimebaserte tenester. Det går med mykje tid til køyring.

### Psykisk helse og rus

Ved utgangen av 2017 var det 71 vaksne som hadde vedtak om oppfylging frå psykisk helseteneste. Talet fordelar seg på 25 menn og 46 kvinner, og er i all hovudsak i aldersgruppene 18 – 66 år. I tillegg kjem ein del andre tenester der støttekontakt er det dominerande, men som også omfattar omsorgsløn og avlastningstiltak. I fleire tilfelle er det samarbeid mellom 1 og 2. linetenesta

Tenestene omfattar også tiltak overfor born, - her registrerar vi ikkje tiltak i form av enkeltvedtak og desse kjem då i tillegg.

Vi har kjøpt tiltak eksternt i to tilfelle, der kommunen sjølv ikkje har hatt tilstrekkeleg kompetanse.

Bruki gjev butilbod for inntil 8 bebuarar. I 2017 har det vore 7 som har hatt heildøgns tilbod her. Dagtilbodet for målgruppa er ope to dagar i veka. Avdelinga sine tilsette har deltatt i frisklivstilbod, drive lågterskeltilbod og er medlemmar i psykososialt kriseteam.

Avdelinga har hatt vakans i leiarstilling frå september og ut året.

### Tenester for funksjonshemma

Avdelinga omfattar Bufellesskapa Reini og Svingen, med totalt 15 bueiningar. Éin av desse er barnebustad.

I 2016 var det landsomfattande tilsyn med tenester til psykisk utviklingshemma over 18 år. Tilsynet medførde fire avvik. Aktivitet knytt til lukking av desse har hatt stort fokus i 2016, og inn i 2017. Tilsynet blei avslutta våren 2017.

Endringar i brukargruppa og eit høgt kostnadsnivå, har medført turnusendringar og nedbemanning gjennom året. Det er innført alternative arbeidstidsordningar i to tilfelle ved Svingen, med medlever-turnus og turnus med langvakter inntil 12,5 timar.

## Utvalde KOSTRA-tal –helse –og omsorgstenester

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter per innbyggjar, kommunehelseteneste	7379	6359	4979	4401
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - omsorgstenester	31 689	28 817	27 857	23 377
Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste per innbyggjar 0-20 år	6683	4760	3342	2895
Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 67 år	170 093	150 902	138 012	126 949
Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehab. pr innb.	5601	5074	3776	3532
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb. - kommunehelseteneste	15,9	18,2	13,7	11,1
Legeårsverk per 10 000 innb.	22,2	17,8	10,7	15,5
Årsverk av ergoterapeutar per 10 000 innb.	4	4,5	-	4,6
Plassar i institusjon i % av mottakarar av pleie og omsorgstenester	12,2	14,4	22,1	17,1
Andel plassar i institusjon og heildøgns bemanna bustad i % av befolkning over 80 år	44	39	34	32
Tal på plassar i brukartilpassa einarom med eige bad/WC i %	94,9	78,6	97,3	86,7

## Bustadsosialt arbeid

I det bustadsosiale arbeidet er fleirfagleg samarbeid avgjerande for å nå gode resultat. Einingane Helse og omsorg og Nav har eit definert ansvar via det lovverket som styrer desse tenestene. Arbeidet krev fleirfagleg tilnærming, og den bustadsosiale gruppa er representert ved desse to einingane, samt teknisk drift og vedlikehald, rådmannen og flyktningkoordinator. Statlege verkemiddel frå Husbanken er bestemt lagt til Helse og omsorg, dei ligg no på Nav.

## Nav Vinje –sosialtenesta

### Sitat Kommunebarometeret

*Unge mottakere går litt kortere tid på sosialhjelp i Vinje enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Stønadstiden for de unge var omtrent uendret i fjor.*

*For de over 25 år er stønadstiden kort. Voksne går omtrent like lenge på stønad nå som for ett år siden.*

*Når vi korrigerer for behovet, går 3,8 prosent av de over 25 år på sosialhjelp. Andelen er lav, noe som regnes som positivt i barometeret. Snittet er 5,9 prosent.*

*Blant de under 25 år, er andelen på sosialhjelp korrigert for behovet på 3,5 prosent, mens snittet i Kommune-Norge ligger på 3,7 prosent.*

*Bare 14 prosent av dem som får sosialstønad, går mer enn 6 måneder på sosialhjelp. Det er bra, langt under landsgjennomsnittet (38 prosent). En slik statistikk teller positivt i barometeret. Kan andre kommuner lære noe av hvordan Vinje håndterer dette?*

*Sosialstønad gis i over 10 måneder til 11 prosent av de som mottar støtte. Andelen er ikke spesielt høy, kommunen er på 156. plass på denne tabellen.*

*Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er normalt. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovedinntekt.*

*Vi vet ikke hvor mange som har gått på kvalifiseringsprogrammet, målt mot dem som går lenge på stønad.*

NAV er i kontinuerleg omstilling og det er signalisera store endringar i Stortingsmelding 33.

Det blir i den samanheng veldig viktig med eit aktivt partnerskap mellom stat og kommune i åra framover.

Nav Vinje sit i bustadsosialgruppe i kommunen og vi forvaltar husbanken sine verkemiddel. Vi har innvilga nokre få søknadar om startlån /etableringstilskot og utbetringstilskot i 2017.


## Utvalde Kostra- tal NAV/sosialtenesta

	Vinje	Tele- mark	Like	Tokke	Tinn	Landet	Landet uten Oslo
<b>Netto driftsutgifter til sosialtenester pr. innbyggjar</b>	1520	2801	2006	1673	2483	2522	2245
<b>Netto driftsutgifter i % av samla netto driftsutgifter</b>	1,9	4,6	2,8	2,0	3,4	4,3	3,9
<b>Netto driftsutgifter per innbyggjar 20-66 år</b>	2562	4683	3419	2854	4257	4111	3716
<b>Netto driftsutgifter per innbyggjar 20-66 år</b>	691	2597	1532	641	1555	1960	1817
<b>Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde i %</b>	34,8	..	..	18,2	29,5	41,0	40,4

Vinje har mange pendlarar, mange av desse er sysselsette i oljeindustrien og bygg og anlegg . Vinje kommune har ein yrkesfrekvens på 75% . (Yrkesfrekvens=Sysselsatte (de som har et arbeidsfolhold)+arbeidsledige - 15-74 år som andel av alle 15-74 i befolkningen. Altså personar med tilknytning til arbeidsmarkedet. Omtales ofte som yrkesaktive. (Norge 70,6). De som er utenfor yrkesfrekvensen er ikke i et arbeidsfolhold eller arbeidsledige. )


Vinje kommune hadde ved utgangen av 2017 1% heilt ledige.

204 personar hadde varig uførestønad ved utgangen av 2017 - dette tilsvarar 8.8 % av aldersgruppa 18 - 67 år. Av disse er 4 stk under 30 år.



	Desember 2015	Desember 2016	Desember 2017
Heile landet	3,0	2,8	2,4
Telemark	3,4	2,8	2,4
Vinje	1,5	1,4	1,0

### Yrkesfrekvens kommuner 2017



## VINJE KJØKENDRIFT

*Rett mat til rett pasient til rett tid.*

Vinje kjøkendrift er kommunens hovudkjøken og produserer middag til både sjukeheim, omsorgssentra og heimebuande. I tillegg til at dei administrerer kolonialvarer for sjukeheimen, leverer dei catering/møtemat og mat til kantina på sjukeheimen og kommunehuset.

Tal levert til heimebuande 2015	Tal levert til heimebuande 2016	Tal levert til heimebuande 2017	Tal levert til sjukeheimen 2015	Tal levert til sjukeheimen 2016	Tal levert til sjukeheimen
13 047	12 893	14095	14 907	14 116	12926
Møtemat	Møtemat 2016	Møtemat 2017			
	Kr 195.000. -	Kr 199.636. -			

Nesten likt tal middagar i 2017 som i 2016, mens talet på heimebuande har auka går det ned på sjukeheimen.

Pris pr. porsjon middag m/dessert til heimebuande var kr. 90,- i 2017, det aukar i 2018 til kr 93-.

Leverte kolonialvarer, kaker, mineralvatn til sjukeheimen i 2017 for kr 794 480.-

Kostnad pr. brukar pr. døgn på sjukeheimen:

- Middag kr 40.-, kolonial kr 61.- = kr 101.- pr kostdøgn.

Etterspørselen til *tilpassa kost, alternativ* eller *diettar* er aukande.

Stadig nytt regelverk på matområdet krev meir tid til dokumentasjon.

Har eit godt databasert kjøkenprogram Aivo, som gjer at me kan :

- Produsere etter oppskrift i riktig mengde.
- Dokumentere Næringsinnhald.
- Ta imot bestilling frå avdelingane.
- Skrive ut faktura, statistikk, +++

Godt i gang med matmerking i høve til forskriften:

- Matmerking - *allergener*
- Matmerking – *næringsdeklarering*
- Matmerking - *holdbarhet*

\*\*\*\*\*



## VINJE REINHOLD OG TEKSTIL

Reinhold er ein av dei viktigaste oppgåvene ein kommune utfører for innbyggjerane. Reinhold sørgjer for at det blir trivsel. Når smuss og støv blir fjerna, hindrar det spreiding av smitte. Eit godt reinhold er viktig for helsa, og har stor innverknad på sjukefråver og produktivitet i heile kommunen.

### Overordna målsetting

Eininga har som driftsmål å levere kvalitet på reinhold i kommunale bygg.

Arbeidet som Vinje reinhold og tekstil utfører krev stor grad av samarbeid med dei andre einingane internt i kommunen. Av den grunn er det naudsynt og ha kontinuerleg fokus på god kommunikasjon og samarbeidsavtaler.

### Bruk prioritering av økonomiske ressursar

Vinje reinhold og tekstil hadde gjennom 2017 hatt eit høgt sjukefråver. Dette førte med seg store utgifter til vikarbruk. Vinje kommune er i kontinuerleg utvikling med nye bygg og utbygging av eksisterande bygg, dette fører til auka bruk av personal og økonomiske ressursar innan reinhold.

### Styrke fagkompetansen

Eininga har gjennom 2017 hatt fokus på kompetanseheving, dette for å tilpasse innbyggjerane sine forventningar og kommunen sine utfordringar. Våren 2017 vart det uteksaminera 5 nye reinholdsoperatørar i Vinje reinhold og tekstil. Dette gjer at dei tilsette fekk tileigna seg naudsynt kunnskap og ferdigheitar for å mestre sine oppgåver, og for at eininga skal nå overordna mål.

### Leiarfunksjonar

Vinje reinhold og tekstil har i 2017 tilsett ein ny leiande reinholdar, denne stillinga har base på Vinje sjukeheimen. No har eininga fire leiande reinhalderar, desse har den dagleige

leiinga i avdelingane. Merksemnd frå leiar bidreg til personleg vekst, samstundes som det skapar motivasjon og effektiv drift av eininga.

### [Integrering / arbeidsutprøving](#)

Reinhaltsbransjen er kjent for å vera ein fleirkulturell bransje. Det er på arbeidsplassen i samspel med medarbeiderar ein lærer språk, kjenner at ein har tilhøyrrighet og har ei kjensle av å vera ein del av lokal samfunnet. For å bidra til at Vinje kommune skal ha ein god integreringspolitikk har Vinje reinhold og tekstil eit tett samarbeid med integreringsprogrammet i Vinje kommune. I fylgje AML § 4-6 har arbeidstakerar rett på intern arbeidsutprøving. Reinhold og tekstil har vore ein arena for dette tiltaket. I 2017 førte arbeidet til varig omplassering av arbeidstakar.

### [Tone Bjålid årets reinhaldar nytt bilde](#)



Fagforbundet delar kvart år ut prisen for *Årets reinhaldar*. Dagen for utdelinga av denne prisen er 4. desember, dette er reinhaldaren sin dag. Prisen delast ut til ein person som i løpet av føregåande år har ytt en spesiell innsats for reinhaldsfaget og kollegaene sine. Personen må vera oppteken av å kvalitetsutvikle reinhaldstenestane, vera samfunnsengasjert og inkluderande. Vidare på ein eller annan måte har utmerka seg gjennom sitt daglige arbeid, og som har ytt det «vesle ekstra». Tone Bjålid vart nominert, ho nådde opp til å bli blant dei 6 som vart rangert høgast i landet, og vart årets reinhaldar i Telemark.

## INTERKOMMUNALT SAMARBEID – BARNEVERN

### Barneverntenesta

#### Sitat Kommunebarometeret

*Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Vinje ganske lav målt mot resten av landet. Kommunen har en god statistikk for saksbehandlingen i barnevernet. Kommune- Norge har blitt bedre de siste årene, snittet er nå 87 prosent. Vi har ikke oppdaterte tall for hvor stor andel av barna i barnevernet som er plassert i fosterhjem eller institusjon. Snittet i Kommune-Norge er 27 prosent.*

*Endringer i metoden i Kommunebarometeretslår marginalt positivt ut. Vinje er blant de 100 beste på årets tabell. Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Vinje ganske lav målt mot resten av landet.*

*Kommunen har en god statistikk for saksbehandlingen i barnevernet. Kommune- Norge har blitt bedre de siste årene, snittet er nå 87 prosent.*

*Sett de fire siste årene under ett, er statistikken god.*

*Vi har ikke oppdaterte tall for hvor stor andel av barna i barnevernet som er plassert i fosterhjem eller institusjon. Snittet i Kommune-Norge er 27 prosent.*

*Bemanningen av fagpersonell i barnevernet i Vinje er noe lavere enn i normalkommunen. Bemanningen ble litt bedre i fjor, ifølge statistikken.*

*Tal barn per årsverk er en alternativ måte å måle bemanningen på. I Vinje er det 13 mot et landssnitt på 15 barn per årsverk.*

*Vi har ikke oppdaterte tall for hvor mange barn med tiltak som har en utarbeidet plan.*

*Kommunen har oppgitt at den ikke spurt brukerne på minst fire år. Flere kommuner virker tilsynelatende uinteressert i systematisk å få brukernes respons på kvaliteten i tjenesten.*

*Kostnadene innen barnevernet ligger nærmere de billigste enn de dyreste kommunene.*

## Utvalde KOSTRA- tal barnevern

	Vinje	Tele- mark	Like	Tinn	Tokke	Landet	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter til saman pr. innbyggjar	1 584	2 474	2401	2 221	1 527	2 190	2 218
Netto driftsutgifter per barn med tiltak	172 765	208 647	..	213 230	284 500	205 828	203 668
Netto driftsutgifter pr. barn plassert av barnevernet	269 778	346 997	..	416 200	..	358 373	355 067
Andel barn med barnevernstiltak 0 - 17 år	4,6	5,9	..	5,5	2,8	5,0	5,0

Ved utgangen av året hadde Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark totalt tilsette i 13,9 stillingar. 11,1 til sakshandsaming inkludert leiar og fagleiar, 1 støttefunksjon og 1,8 tiltaksarbeid. 2 stillingar er finansiert med statlege overføringer. Me held framleis fast i å nytte 1,8 stilling til tiltaksarbeid.

## Handlingsplan

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatmål</b>
<i>Å bli meir treffsikre på tiltak</i>	95% av undersøkingane innan 3 mnd - 98% 90% av barn i tiltak skal ha utarbeida plan - 96% 90% skal fylle krav til evaluering – 96%
<i>Barns medverknad</i>	Samtale med alle barn i undersøkingar – 100%
<i>Bruke eigne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak</i>	Systematisk bruk av CosP, PMTO, PYC og foreldrerådgjevingssystemet. Det har vore samarbeid med kommunane om lokale tiltak som gjev effekt. Primært veiledning
<i>Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR</i>	Vinje kommune har styringsgruppe for TIBIR og utdanna TIBIR-kontakt i både skule og barnehage
<i>Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester</i>	Gjennomførte eit felles møte med alle styrarane. Det er gjennomført dialogmøte med alle rektorane, helsestasjonane, psykiatritenesta og NAV. BV deltok på samarbeidsmøte med alle tannlegane i Vest Telemark. BV besøkte alle vaksenopplæringsavdelingane

Å ha eit godt arbeidsmiljø	<p>Ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arb.miljø</p> <p>Det blei gjennomført medarbeidersamtaler med dei fleste medarbeidarane. Resterande hadde avtale rett etter nyttår.</p> <p>Vernerunde er ikkje gjennomført</p> <p>HMS er tema på personalmøta</p>
----------------------------	--

#### Aktivitetstal frå Barnevernsamarbeidet målt i tal på meldingar

	Meld- ingar 2017	Meldingar 2016	Meldingar 2015	Lagt bort 2017	Lagt bort 2016	Lagt bort 2015	Start a US 2017	Start a US 2016	Sarta US 2015
Seljord	16	33	38	2	4	4	14	29	34
Kviteseid	21	17	17	3	0	1	18	17	16
Nissedal	11	7	15	0	1	2	11	6	13
Fyresdal	16	5	12	5	0	2	11	5	10
Tokke	11	13	21	1	2	4	10	11	17
Vinje	23	27	23	4	4	2	19	23	21
SUM	98	102	126	15	11	15	83	91	111

#### Aktivitetstal for Barnevernsamarbeidet

	Saker 2017	Tiltak i fam.	Tiltak u fam.	§ 4- 12	§4-6	Institusjon	Institusjon foreldre/barn	Beredskapsh.
Seljord	30	25	11	1	4	2	0	2
Kviteseid	22	15	8	5	2	1	0	0
Nissedal	12	10	4	2	1	0	0	0
Fyresdal	18	15	4	3	1	0	0	2
Tokke	11	9	2	2	0	0	1	1
Vinje	33	26	9	5	4	0	0	3
SUM	126	100	38	18	12	3	1	8

## SAMHANDLING I VEST-TELEMARK



Arbeidsgruppa og styringsgruppa har hatt 4 møte.

### Budsjett og regnskap

	Rekneskap 2017
Totalt	939 047
Refusjon sjukehuset 40%	375 619
Refusjon frå Vest-Telemark kommunane 60%	563 428

### Samarbeidsavtaler mellom STHF og kommunane i Telemark

Det blir framleis arbeid mykje med delavtalene. Avtalene er vidareutvikla og revidert etter behov.

- KOLS-prosjektet i Telemark

Blei avslutta i noverande form med eigen prosjektleier.

- Samarbeid om jordmortenester i VT

Arbeidsgruppa avslutta sitt arbeid. Det blei utarbeidd ein rapport og laga ein politisk sak. Fyresdal, Vinje, Seljord og Kviteseid går inn i eit samarbeid om jordmortenester – i tillegg til beredskap – med Vinje som vertskommune.

- Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar er etablert i Fyresdal

Fyresdal har no i avtale med Sjukehuset Telemark HF etablert egne plassar.

- Samarbeid om legevakt

Arbeidet blei avslutta i 2017 med rapport til kommunane som konkluderte at det ikkje vart semje i om ein felles modell. Kommunane har handsama saka som orienteringssak.

- Samarbeid om psykologstillingar

Det blei laga ei politisk sak der Fyresdal, Tokke og Vinje lyser ut ei stilling – og Nissedal, Seljord og Kviteseid lyser ut ei stilling. Utlysingstekst ved koordinator.

- Fagdagar innan rusfeltet

I eit samarbeid med STHF, KORUS-Borgestadklinikken og Vest-Telemark blei det hausten 2017 sett i gang fagdagar innan rusfeltet. Kommunane i Øst- og Midt-Telemark blei invitert med. Fagdagane held fram i 2017. Tilskot frå fylkesmann på kr 100 000.

- Bu-einingar for alvorleg psykisk sjuke i VT

Fleire av kommunane har personar som krev store ressursar rundt busituasjon. Det er sett på ulike samarbeidsmoglegheiter, men ikkje funnet løysingar som passar alle.

- Prosjekt: Samhandling og kompetanseutvikling i akuttmedisinprosjektet i Telemark

Samhandlingskoordinator har leia eit av tre samhandlingsprosjekt frå STHF som eit del av satsinga på akuttmedisin i Telemark.

- Ny heimeside

Det er laga ny heimeside.

- Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar for psykisk sjuke

Alle kommunane har no inngått avtaler med STHF om etablering av disse på eksisterande døgnplassar i kommunane.

- Samarbeid innan velferdsteknologi

Starte opp samarbeid innan velferdsteknologi i Vest-Telemark. Vi er òg med i eit stort prosjekt i Telemark og Vestfold. Samhandlingskoordinator sit i styringsgruppa og i arbeidsgruppa for velferdsteknologinettverket hos fylkesmann.

Pilot Seljord legevakt - STHF innan akuttmedisin

- Piloten var initiert frå STHF og avslutta januar 2017

Ambulerande palliasjonsteam frå STHF held fram

- Med lege og kreftsjukepleiar som kjem ut i kommunane etter ynskje frå kommunane

Vidareutdanning for helsefagarbeidarar i VT

- I samarbeid med AOF er det sett opp vidareutdanning for helsefagarbeidarar frå VT i Seljord.

## Ymse arbeid

- Søknader om ulike midlar
- Revisjon av avtale om kjøp av plassar og tenester kommunane i mellom i VT
- Nettverksmøte mellom samhandlingskoordinatorane
- Blodprøvetaking frå kommunane og manglande postgang
- Delteke i 2 delprosjekt innan akuttmedisin frå STHF
- Konsernrevisjonen til STHF - intervju
- Bistand til etablering ØHD-plass i Fyresdal
- Orienteringar i arbeids- og/eller styringsgruppemøta frå:
  - Hepro (velferdsteknologi)
  - Utviklingsplan STHF v/Alida Kjeldsen
  - AOF om fagbrev i helsefag - lokalt
  - Akuttmedisinprosjektet

## Stilling som samhandlingskoordinator

Stillinga blei utlyst i november 2017 . Noverande samhandlingskoordinator går av med AFP frå 1. mai 2018.

## TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD



Raulandsbadet; til glede for alle

**Sitat Kommunebarometeret**

*Gebyrene for vann, avløp, renovasjon og feiing i Vinje er blant de laveste i landet. Det er positivt så sant det ikke betyr at vedlikeholdet på anleggene lider.*

*Det mangler informasjon om hvor store lekkasjer det er fra kommunens ledningsnett. Fornyingen av vannledningsnettet har de tre siste årene stått på stedet hvil. Kommunen er blant de i landet med lavest fornyelsestakt akkurat nå. Få kommunar har eit så nytt vassleidningsnett (berekna snittalder). Det er positivt og indikerer høg kvalitet. Spillvassnettet (avløpsnettet) har låg alder målt mot normalen i Kommune-Noreg. Det er bra.*

*En ganske liten andel av avfallet går til materialgjenvinning og biologisk behandling. Må det være slik, eller kan statistikken bedres?*

*Energikostnadene for bygg i Vinje er litt høyere enn hva som er normalt i Kommune-Norge. Snittet er 111 kr per kvadratmeter. Det er ganske mange kvadratmeter bygg målt mot innbyggertallet. Kommuner med lave innbyggertall ligger naturlig høyt på denne statistikken.*

*Innbyggerne produserer litt mer søppel enn normalen i Kommune-Norge. Vi har korrigert for tal fritidseiendommer i kommunen.*

*Det er få nøkkeltall knyttet til samferdsel, men kommunen bruker tilsynelatende ikke veldig mye på å vedlikeholde kommunale veier. Netto utgifter, målt per meter, er under middels.*

*Kommunen bruker mye penger på vedlikehold. Det regner vi som positivt; det skal i utgangspunktet forlenge byggets levetid.*

Merknad 1: Hushaldningsavfallet kjem frå både bustader og fritidsbustader. Dette er truleg grunnen til at det produserast meir avfall pr innbyggjar når ein reknar med andelen frå fritidsbustadane. Avfall frå fritidsbustadane er i tillegg (i hovudsak) usortert / restavfall, det vert difor ein relativ låg materialgjennvinning og biologisk behandling.

Merknad 2: Fleire indikatorar bygger på andel tilknytt kommunale VA anlegg med tilfredsstillande resultat på ulike parametrar (bakteriar mm). Her vil kommunen aldri klare å score høgt sidan andelen fastbuande som er tilknytt er omlag 40%. Store kommunar (i areal) med spreidd busetnad kjem dårleg ut her.

**Drift**

Teknisk drift og vedlikehald hadde eit relativt normalt driftsår i 2017 med moderate snomengder men krevjande vintervedlikehald i høve strøing av glatte vegar. Mange av dei tilsette var i perioden november - desember til mars i fullt arbeid med strøing av vegar og plassar.



Mange glatte vegar

Elles gjekk 2017 stort sett som planlagt i høve drift. Det har vore stor aktivitet med rehabilitering av aldersbustader, flyktningbustader og oppføring av lagerbygg. Ingen særskilte hendingar innom område avløp, brann og beredskap. Det har vore eit krevjande år med tanke på vassforsyninga i Øyfjell. TDV vonar at nytt vassverk i løpet av 2018 skal betre tilhøva i Øyfjell.

Rekneskapen frå 2017 syner eit samla overskot på om lag 1,9 mill. for område 60\*. Mindreforbruket skuldast mellom anna at eininga fekk med seg eit mindreforbruk på kr. 900 000 frå 2016 samt relativt få uventa utgifter på variable kostnader som straum og snomengder, flaum mm. Sjølvkostområda vatn og avløp gjekk med eit solid overskot i 2017 grunna tilknytingsavgifter. Tilknytingsavgiftene utgjer omlag 50% av årsinntektene og når desse etter kvart reduserast vil årsgebyret måtte oppjusterast for å nå sjølvkost på 100%. Dei andre sjølvkostområda ligg omlag på 100% dekningsgrad.

### Investeringar

Når det gjaldt investeringane for 2017 var hovudtyngda innanfor vatn og avløp. Rauland vassverk vart ferdigstilt og igangkøyrte på hausten og seiste del av utbygginga av ledningsnett på Rauland vart ferdigstilt med bygging av to nye trykkaukestasjonar. Desse vil bli køyrte i gang våren 2018. Bygginga av nye Vågsli renseanlegg starta og opp. Igangkøyring av dette vil bli i løpet av 2018. I tillegg til dette vart det gjennomført mindre prosjekt på VA knytt til Surgrav og Haukeli, samt at bygginga av nytt vassbehandlingsanlegg i Øyfjell starta opp mot slutten av året.

Av kommunale vegar vart delar av Utgardsvegen og Kostveitvegen utbedra til 10-tonns aksellast og breddeutvida.

Når det gjeld bygg vart det utført investeringar knytt til utskifting av glas m.m. på kommunehuset og Rauland skule, samt brannsikring av Rauland omsorgssenter og

helsesenteret i Åmot. Det vart og gjennomført forprosjekt knytt til Edland skule, Norheimstunet og Åmot barnehage. Her vil bygging truleg starte i 2018.

### Brann og beredskap

Totalt var brannvesenet ute på 95 utrykkingar i 2017. Det er ein reduksjon på 10 i høve til 2016.

Type utrykning	Tal utrykkingar
<b>Automatiske brannalarmer</b>	23
<b>Brann av diverse slag, frå husbrann til containerbrann</b>	25
<b>Trafikkulukker</b>	24
<b>Snøskred, forureining, elgar gjennom is</b>	3
<b>Medan du ventar på ambulanse</b>	6

### HMS og personale

Vinje kommune har ingen alvorlege avvik knytt opp mot forureining av ytre miljø frå avløpsanlegg. Det er heller ikkje oppdaga alvorlege avvik knytt til vassforsyning frå kommunale vassverk. Men det har vore avvik på vasskvalitet frå Øyfjell vassverk. Årsrapportane frå Driftsassistansen i Telemark stadfestar dette. Det er heller ikkje rapportera om alvorlege hendingar knytt til drift av veg.

Sjukefråveret er på 2,18% der omlag 1,5% er langtidsfråvær. Eininga arbeider for å redusere fråveret.

### Energi og klima

Som kraftkommune og turistdestinasjon med store hytteutbyggingsprosjekt må Vinje kommune ha fokus på energibruk og berekraftige klimaløysingar. Alle nye bygg og total renovering av bygg skal gjennomførast med vurdering av alternativ oppvarming som fjernvarme, bergvarme eller liknande. Større bygg skal nå ha SD-anlegg som vil gje betre styring av energibehov.

I fylgje Høgskulen i Sør Noreg har Vinje har alle moglegheiter til å kunne spele ei viktig rolle som vertskap og aktør i vidareutvikling av rein energi og forvaltning av vassressursar og natur i mange aspekt. UNESCO-programmet *Man and Biosphaere* er eitt av fleire incentivmoment for å satse i denne retninga. Vinje kommune ynskjer å spele ei viktig rolle saman med kraftleverandørar og akademia i høve til samfunnsutvikling innanfor energi og klimautvikling.

Arbeid med ny Klima, energi og miljøplan startar i løpet av 2018, parralet med arbeidet med Regional plan.

## KULTUR

### Sitat Kommunebarometeret

*Endringer i metoden i Kommunebarometeret slår marginalt positivt ut. Biblioteket er ganske lite besøkt, ifølge statistikken.*

*Av de voksne i kommunen er det 17 prosent som er registrert som aktive lånere på biblioteket. Kan kommunen gjøre noe for å få andelen høyere?*

*Utlånet fra biblioteket er omtrent middels, viser tallene for 2016.*

*Netto utgifter til idrett og anlegg er ganske lave i Vinje - 167 kroner per innbygger. Det gir en 338. på denne tabellen.*

*Telemarksforskning setter sammen oversikt over hvor mange kulturarbeidere det er i kommunene, privat eller offentlig. I Vinje er sysselsettingen middels målt mot folketallet.*

*Andelen av barn fra kommunen som faktisk går på musikk- og kulturskole er omtrent som normalen i Kommune-Norge.*

*Norsk kulturindeks fra Telemarksforskning viser over hvor mange timer hver enkelt elev i kulturskolen får. tallene er beheftet med usikkerhet. I Vinje får elevene middels tal timer med undervisning.*

Kultureininga i Vinje kommune er sett saman av kultursjef, ungdoms- og fritidsleiar, kulturskulerektor, ti kulturskulemedarbeidarar samt tre bibliotektilsette og drift av lokalhistorisk arkiv.

Kultur er ein viktig del av Vinje kommune sin identitet og blir i stor grad drive av friviljug innsats og dugnad.

Kommunens rolle er å vera administrator, legge til rette og å koma med gode faglege råd.

- Arbeide for Vinje-senter for diktning og journalistikk. Senteret er lokalisert til Vinje skule/Vinjar
- Førebuinga til A.O. Vinje-jubileet i 2018 med ein nasjonal og ein regional komité
- Samlokalisering av kunstsamlingane på Rauland
- Gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom kulturskulen og lokale lag

### Vinjehuset kjøken

Kultureininga har avtale med Amanda Bekker for hausten 2017 og ut 2018.

## Vinjehuset - regionalt kulturhus



Teater og klovn

Kultureininga ynskjer å gje innbyggjarane variert og godt kulturtilbod. Men me slit med å fylle huset på konsertar og teater. Det er vanskeleg å vita kva som skal til for å få folk ut av heimen og inn i storstoga. Vi brukar og Blåmann til mindre tilskipingar. Blåmann vert og bruka til juniorklubb og ungdomskafé. Me marknadsfører tilboda gjennom Facebook og VTB.

Folkeakademiet i Vinje stiller på dugnad slik at me får avvikla konsertar og teater på kveldstid på Vinjehuset. «Om de vil ha tilbod i morgon, så bruk oss i dag»

Bygdekinoen vitjar oss kvar 14. dag. Frammøte er litt opp og ned etter kva film det er. Vi får heilt nye filmar veldig fort.

## Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland. Utlånstala er stabile, men noko lågare enn me ynskjer. Utlånet går ned på filialane. Endra lesevanar og nye medium blir trekt fram som moglege årsaker. Dette er ein trend det er viktig å jobbe vidare med å snu.

Nedgang i utlån: ca. 1000 færre utlån, frå 6 pr. innbyggjar til 5,98 pr. innb.

Men auke i besøk : ca. 300 fleire besøk, frå 2,06 pr. innbyggjar til 2,1 pr. innb.

Politikarane har stilt spørsmål på dialogmøte om me treng filialane.

## Kulturskulen

Kulturskulen har eit stabilt elevtal, 130, og det er undervising på alle fire skulane i kommunen. Det er ein motorskule på Edland, men den har ikkje vore i gang hausten 2017, men Edland skule brukar den i undervisninga. I Åmot er det tilbod om teater. Det er stor pågang for å vera med i kulturskulen. Det blir lagt stor vekt på å spele saman i grupper eller fellesprosjekt med skulen. Vinje har den største mønstringa i fylket på UKM (ungdomens kulturmønstring).



## Kulturhistorisk arkiv

Er framleis plassert på Raulandsakademiet, her finn ein 120 privatarkiv. Dei eldste bøkane frå boksamlinga til Erik Gjestvang er óg plassert her. Me har leigd inn arkivar kvar 14.dag.

## Litteraturdagane i Vinje

Litteraturdagane i Vinje, eit årvisst arrangement som blir arrangert i tett samarbeid med kultureininga. I år var det rekordstor deltaking. Mål med dagane er å bli betre kjent med forfattarar frå Vinje og andre delar av landet. Dette var siste året dette blei laga til i regi av styret i Litteraturdagane og kultur. Frå 2018 er det Vinjesenteret som har ansvar for denne tilskipinga.

Storegutprisen blei delt ut under Litteraturdagane, og i 2017 var vinnaren Kristin Sørsdal som er oversettar av Elena Ferrants bøkar «Napolikvartetten» til nynorsk.

## Kulturprisen

Kulturprisen for 2016 fekk Vegard Omdal. Den blei delt ut på eit kommunestyremøte i 2017.

## Kulturtur - og idrottsstipend

Dette stipendet blei sett inn i budsjettet att og Irmelin Trøite og Eivind Kittelsen fekk desse stipenda for 2017.

# VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Vinje kyrkjelege fellesråd har hatt 7 møter og handsama 18 saker.

Av sakene kan ein nemne:

- > Fast tilsetjing av kyrkjevevje
- > Midlar til ungdomsarbeidar i Øvre Telemark prosti
- > Høyringsuttale om ny lov om trus- og livssynssamfunn
- > Revisjon av tenesteytingsavtala med Vinje kommune

Ruth Miriam Kolstad Varhaug vart tilsett som ny ungdomsprest frå 01.08.2017. Kjell Magne Grave vart tilsett som fast kyrkjevevje frå 01.04.2017. Stine beate M Ljosdal vart tilsett som kyrkjelydspedagog i 30% stilling i Tokke og Vinje .

## Årsstatistikk 2016

KYRKJER	GUDSTENESTER	GRAVFERD	PERSONAR	D Å P	KONFIRMANTAR	VIGSLAR
GRUNGE	22	7	899	1	10	2
RAULAND	30	8	1970	8	5	4
VINJE/ NESLAND	22	18	1204	4	13	2
ØYFJELL	14	3	284	1	3	0
<b>TOTALT</b>	<b>88</b>	<b>36</b>	<b>4357</b>	<b>14</b>	<b>31</b>	<b>8</b>

## Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	Like kommunar	Tokke	Tinn
Netto driftsutgifter per innbyggjar	970	923	1 703	989
N. driftsutg. til kyrkjeformål i % av tot. driftsutg.	1,4	1,4	2,1	1,5
Deltaking i gudstenester sun-/heilagdag pr innb.	1,3	1,3	1,2	1,0
Medlem av Den norske kyrkja i % av tal innb.	79,4	81,6	81,9	76,1
Konsertar og kulturarrangement pr 1 000 innbyggj.	4,0	3,3	603	2,7

Økonomisk hadde Vinje kyrkjelege fellesråd eit overskot på 400.440.-. Dette er inkludert eit ekstra tilskot frå Vinje kommune på kr.350.00.-. Heile overskotet går til dekkjing av tidlegare års meirforbruk.

Fellesrådet har og i 2017 vore tilknytt ei kulturårshjul med Vinje kommune.



Staben i Vinje kyrkjelege fellesråd.

## REGIONALT SAMARBEID

Vinje kommune er ein del av Vest-Telemark-regionen. Her er Vinje engasjert og involvert i mange ulike samarbeidsorgan med ulike organiseringsformer, ansvar og deltaking. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar. Vinje kommune er med i 17 ulike interkommunale samarbeid som spenner frå innkjøpsavtaler til vertskapsrollemodellar som til dømes Barnevernssamarbeidet med sete i Kviteseid. Gjennom brukarundersøking og innbyggjarhøyring kjem det fram at folk i Vinje er positive til utvida samarbeid med nabokommunane i regionen framfor kommunesamanslåing.

### Representasjon

Utanom kommunens eigen organisasjon og det regionale/interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark, har ordføraren representert kommunen og regionen m.a. som

- Medlem i Fjellnettverket
- Hardangerviddarådet og Ordførarutvalet for Hardangervidda
- Nasjonalparkkommune/Nasjonalparklandsby - forum
- Verdsarvrådet
- Lyntogforum for Vestlandsbanen over Haukeli
- Fylkesmannens kontaktgruppe for landbruket i Telemark